

# Mange vegar til målet

Sluttrapport

**Tiltaksplan 2009-2013**

**Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa**



Foto: Nynorsksenteret/kib&morits

**Del I**

**Del II**

Del III







## Informasjonsside

<b>TITTEL</b> <i>Mange vegar til målet</i> Sluttrapport Del 1 og 2	<b>RAPPORTNUMMER</b> 2/2013	<b>DATO</b> 17. juli 2013
<b>PROSJEKTTITTEL</b> Tiltaksplan 2009-2013 Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa	<b>TILGJENGE</b> Fritt	<b>TAL SIDER</b> 49
<b>FORFATTARAR</b> Torgeir Dimmen, Hjalmar Eiksund (red.), Ingrid Slettevoll, Marit Wadsten, Liv Kristin Bjørlykke Øvereng	<b>PROSJEKTLIAR/-ANSVARLEG</b> Torgeir Dimmen (senterleiar)	
<b>OPPDRAGSGIVAR</b> Utdanningsdirektoratet	<b>EMNEORD</b> Nynorsk, hovudmål, sidemål, grunnleggjande ferdigheiter, skuleprosjekt, utviklingsprosjekt	
<b>SAMANDRAG</b> Del 1 av rapporten presenterer bakgrunnen for dei seks satsingsområda i tiltaksplanen. Del 2 oppsummerer erfaringane frå dei gjennomførte prosjekta. Del 3 inneheld ein detaljert gjennomgang av dei ulike samarbeidsprosjekta.		
<b>PRIS</b> Gratis	<b>ISBN</b> 978-82-7661-309-4	



# Innhald

Forord .....	1
Del I Bakgrunn og gjennomføring.....	3
Satsingsområde .....	4
Planperiode og ressursbruk.....	6
Arbeidsmåtar.....	7
Lokalt ansvar og rapportering.....	8
Oversyn over gjennomførte tiltak.....	10
Andre prosjekt med liknande målsetjingar .....	12
Barnehagar og skular med samarbeidsavtalar .....	13
Geografisk spreieing .....	14
Del II Oppsummeringar frå prosjekta .....	15
Innleiing.....	15
Erfaringar.....	15
1. Barnehage.....	15
Nynorsk i barnehagen.....	19
2. Barnetrinn.....	20
Nynorsk frå skulestart .....	20
Tidleg start.....	21
3. Ungdomstrinn og vgs.....	22
Skriving i alle fag .....	22
Lærebøker og læringsressursar på nynorsk i eit anna fag enn norsk.....	23
4. Yrkesfag .....	24
5. Språklege minoritetar .....	26
6. UH-sektoren .....	28
Vedlegg .....	31
Vedlegg 1 Tiltaksplanen – revidert utgåve 2011.....	31
Vedlegg 2 Seminar og konferansar .....	38
Vedlegg 3 Utdrag frå brev med førespegla rammer for samarbeida.....	41
Barnehage .....	41
Nynorsk frå skulestart .....	42
Tidleg start.....	42
Skriving i alle fag .....	43
Lærebøker og læringsressursar på nynorsk i eit anna fag enn norsk.....	47
Litteratur .....	49



# Forord

Denne sluttrapporten er ei oppsummering av erfaringane Nynorsksenteret har gjort i gjennomføringa av *Tiltaksplan 2009-2012*. Med utgangspunktet i denne planen har vi i perioden 2009 til 2013 gjennomført prosjekt ved sju barnehagar og 32 skular, vi har arbeidd for å betre nynorsktilboda for yrkesfagelevar og minoritetsspråklege, og vi har samarbeidd med UH-sektoren om meir forskning og betre lærarkompetanse. Prosjekta har hatt både hovudmåls- og sidemålsperspektiv.

Tiltaka har bygt på erfaringar Nynorsksenteret og andre har gjort tidlegare og som vi har hatt tru på. Mange prosjekt har vore vellukka, nokre fekk vi ikkje til slik vi ønskte. Alt har vore lærerikt. Vi vonar at erfaringane som er oppsummerte i denne rapporten – saman med ressursane som er utvikla i samband med gjennomføringa av tiltaksplanen – blir nytta av lærarar og barnehagetilsette til å gi eit godt og målretta tilbod om nynorskopplæring.

Rapporten er delt i to:

I del I er det gjort greie for bakgrunnen for planen og for korleis Nynorsksenteret har gjennomført dei ulike tiltaka. Her er det også tatt med oppsummerande oversyn over alle skulane og barnehagane som har vore med heile eller deler av prosjektperioden.

I del II er dei viktigaste erfaringane etter tiltaksplanen oppsummerte. Etter ei generell innleiing er det laga eigne oppsummeringar for kvart av dei seks satsingsområda.

Til slutt i rapporten er det tatt med tre vedlegg: 1) Ein fullstendig versjon av *Tiltaksplan 2009-2012*, 2) Oversyn over gjennomførte seminar og konferansar, 3) Utdrag av tildelingsbrev til dei ulike samarbeidspartnarane og felles retningslinjer for prosjektskulane og -barnehagane.

I tillegg til denne hovudrapporten er det laga eit dokument som berre vil ligge føre i elektronisk versjon. Dette dokumentet (del III) inneheld ein detaljert gjennomgang av dei ulike prosjekta, og er tenkt som eit supplerande vedlegg til dei overordna oppsummeringane i del II. Omtalane er i hovudsak skrivne av kontaktpersonane ved Nynorsksenteret, men dei inneheld også utdrag frå sluttrapportane frå dei lokale prosjektleiarane. Alle prosjekta som har fått støtte er tatt med, men omtalane varierer ein god del både i omfang og oppbygging.

Alle delane av sluttrapporten (del I, II og III) er tilgjengeleg på Nynorsksenteret sine nettsider ([nynorsksenteret.no](http://nynorsksenteret.no)). Der er det også eit samandrag på 5-6 sider.

Volda, 17.7.2013

Torgeir Dimmen  
Leiar, Nynorsksenteret





# Del I

## Bakgrunn og gjennomføring

Det viktigaste grunnlaget for *Tiltaksplan 2009-2012* er Stortingsmelding nr. 23 (2007-2008), *Språk bygger broer*. Her står det i punkt 4.2.1 at departementet vil styrke nynorsk i opplæringa gjennom ein tiltaksplan knytt til Nynorsksenteret. Planen skulle ha fire hovudområde:

- Nynorsk i kvardagen for barn og unge i barnehage og skule
- Nynorskopplæring som er motiverande og gir betre læringsutbytte
- Kompetanseutvikling i nynorsk for lærarar og førskulelærarar
- Betre kunnskapsgrunnlag om nynorskopplæring gjennom statistikk og forskning

Samstundes med Kunnskapsdepartementet si melding *Språk bygger broer*, kom Kulturdepartementet med si eiga språkmelding *Mål og mening* (St.meld. 35 (2007-2008)). Her er språket sin plass i samfunnet omtala, og det blir m.a. peika på kor viktig det er å ta vare på begge dei to norske målformene.

Det tredje sentrale dokumentet som ligg til grunn for tiltaksplanen er *Strategiplan for nynorsk i opplæringa*. Dette var ein ambisiøs plan som vart laga etter initiativ frå Kunnskapsdepartementet sommaren 2006. Nynorsksenteret var sterkt engasjert i dette arbeidet, saman med mange andre institusjonar. Utdanningsdirektoratet hadde sekretariatsfunksjon.

*Utkast til nasjonal strategiplan for nynorsk i opplæringa* vart levert til Kunnskapsdepartementet i februar 2007. Dokumentet er på over 60 sider, og det overordna målet er å «påverke til meir positive haldningar til nynorsk, gjere barn og unge i nynorskkommunar språkleg trygge, og betre opplæringa i nynorsk for alle elevar». Planen har elles fem hovudmål, 19 delmål og 50 framlegg til tiltak.

Ein del av bakgrunns materialet og argumentasjonen i denne store strategiplanen er brukt i arbeidet med dei to stortingsmeldingane som er nemnde over. I tillegg er nokre av dei konkrete framlegga til tiltak innarbeidde i tiltaksplanen for Nynorsksenteret då arbeidet med den byrja i 2008.

Dei to siste, men kanskje viktigaste grunnlagsdokumenta som skal nemnast her, er *Rammeplan for barnehagen* og *Læreplanen i norsk* (LK06). Desse dokumenta presenterer måla for opplæringa heilt frå førskulealder til og med tredje vidaregåande.

I Kunnskapsløftet frå 2006 er lesing og skriving to av fem grunnleggjande ferdigheiter som er integrerte i kompetansemåla i alle fag. Derfor er det viktig at alle lærarar i alle fag har kompetanse i lese- og skriveopplæring. Tiltaksplanen skulle vere eit bidrag også til denne kompetanseutviklinga.

# Satsingsområde

Dokumentet *Tiltaksplan 2009-2012* finst i to versjonar. Den første blei laga i 2008-2009 og skulle gjelde frå januar 2009. Planen inneheldt fem hovudsatsingsområde: 1) Barnehage, 2) Småskule, 3) Ungdomstrinn og vidaregåande skule, 4) Språklege minoritetar, 5) UH-sektoren/Forskning. Planen blei revidert i 2011. I den nye versjonen var «forskning» borte både frå tittelen og ymse underpunkt i siste delen. To punkt om ansvar for vidareutdanning vart også fjerna. I tillegg vart delen om ungdomstrinn og vidaregåande skule nedkorta og delt, slik at «yrkesfag» kom inn som ein ny hovuddel.

I Stortingsmelding nr. 23 var det skissert ein tiltaksplan med fire satsingsområde med følgjande stikkord: Nynorsk i kvardagen, motivasjonsfremjande opplæring, kompetanseutvikling og forskingsbasert kunnskapsgrunnlag. I den endelege versjonen av *Tiltaksplan 2009-2012* er det dei to første punkta som dominerer. Punkt tre og fire var til ein viss grad med i den første versjonen frå 2008-2009, men desse innfallsvinklane blei i praksis sterkt nedtona etter kvart. Dette samsvarar med mandatet til Nynorsksenteret. Der står det at vi – og dei andre nasjonale sentera – skal «bistå» UH-institusjonane som ressursmiljø på sine fagfelt, men elles ikkje ha sjølvstendig ansvar for forskning og for etter- og vidareutdanning for lærarar og barnehagetilsette.

Arbeidet med tiltaksplanen har likevel ikkje vore heilt «forskingsfritt». Dei første samlingane bar m.a. preg av at vi ønskte å skulere både oss sjølve og samarbeidspartnarane våre i forskningstankegang. I tillegg har «tidleg start»-prosjekta våre heile tida vore følgt opp av to UH-tilsette forskarar<sup>1</sup> som var godt i gang før retningslinjene blei reviderte. Desse to har alt publisert fagartiklar og bokkapittel med utgangspunkt i røynsleane frå dei aktuelle prosjekta<sup>2</sup>, og dei planlegg ein større vitskapleg sluttrapport våren 2014.

Den reviderte 2011-versjonen av tiltaksplanen er delt i seks hovuddelar. Satsingsområda – med tilhøyrande målsetjingar og tiltak – er formulerte slik:

## **1 Barnehage**

Mål: Nynorske tekster skal formidlast til barn i alle barnehagar.

Tiltak: Setje i gang FoU-prosjekt for nynorsk språkstimulering i barnehagen og utvikle digitale ressursar til bruk for pedagogisk personale i leik og læring på nynorsk for barn.

## **2 Barnetrinn**

Mål: Elevane skal oppleve at nynorsk er eit moderne norsk språk og eit viktig grunnlag for deira språklege og kulturelle identitet.

Tiltak: Setje i gang prosjekt for utprøving av tidleg start med nynorskopplæring i lesing og skriving for elevar med bokmål som opplæringsmål.

## **3 Ungdomstrinn og vgs.**

Mål: Elevane skal utvikle god kompetanse i å uttrykkje seg skriftleg på nynorsk i alle sjangrar, og tileigne seg grunnleggjande ferdigheiter i lesing og skriving.

---

<sup>1</sup> Førstelektor Benthe Kolberg Jansson (Høgskolen i Østfold) og førstelektor Hilde Traavik (Høgskolen i Bergen)

<sup>2</sup> Sjå <http://www.nynorsksenteret.no/nyn/ressursbase-for-skulen/opplegg-og-tips/tidleg-start>

Tiltak 1, for elevar med bokmål som hovudmål: Setje i gang prosjekt der elevane brukar lærebøker og læringsressursar på nynorsk i eit anna fag enn norsk. Prosjektet skal vere treårig og gjennomførast på fem skular.

Tiltak 2, for elevar med nynorsk som hovudmål: Setje i gang prosjekt med vekt på skriving i alle fag. Prosjektet skal vere treårig og gjennomførast i fleire område med nynorsk som hovudmål.

#### **4 Yrkesfag**

Mål: Elevane med nynorsk som hovudmål i yrkesfaglege utdanningsprogram skal ha læremiddel, læringsressursar og lærarar med kompetanse i nynorsk språk som gjer det mogleg for elevane å utvikle eit godt og relevant nynorsk fagspråk slik at dei kan bli trygge språkbrukarar i framtidig yrkesliv.

Tiltak: Gjere fagtekster på nynorsk tilgjengelege for bruk i opplæringa. Formidle nettbaserte eksempel på nynorsk som bruksspråk i arbeidslivet.

#### **5 Språklege minoritetar**

Mål: Elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn skal få god og tilpassa opplæring i nynorsk som sidemål slik at flest mogleg kan få norskfagleg kompetanse på lik linje med elevar med norsk som morsmål.

Tiltak 1: I samarbeid med *Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring* sikre digitale ressursar på nynorsk til bruk for lærarar som underviser etter *Læreplan i grunnleggjende norsk for språklege minoritetar i grunnopplæringa*.

Tiltak 2: Utvikle støttemateriell for opplæring i nynorsk som sidemål for elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn.

#### **6 UH-sektoren**

Mål: Senteret skal bidra i utviklingsarbeid som sikrar kompetanse på høgt nivå på området nynorsk i opplæringa.

Tiltak 1: Styrking av samarbeidet om utviklingsoppgåver med lokale, regionale og nasjonale instansar og med fagmiljø på nasjonalt og internasjonalt plan for å styrkje kunnskapsgrunnlaget for nynorskopplæringa.

Tiltak 2: Formidle oppdatert forskning til sektoren.

Tiltak 3: Bidra til arbeid som sikrar god kvalitet i etter- og vidareutdanninga av norsklærarar.

Den fullstendige teksten i *Tiltaksplan 2009-2012* er lagt ved i Vedlegg 1 bak i rapporten. I tillegg til det som er lista opp i utdraget over, er det her også tatt med relevante kompetansemål frå læreplanen (LK06) og rammeplan frå barnehagen, og aktuelle utdrag frå dei to stortingsmeldingane. Planen har også ei generell innleiing om grunnlaget for dokumentet.

I heile planperioden frå 2009 til 2013 har Nynorsksenteret brukt mest tid og ressursar på prosjekt knytt til del 1, 2 og 3 i tiltaksplanen. Vi har hatt fleirårige avtalar med mange skular og barnehagar som har fått pengar til lokale tiltak, dei har vore følgt opp med besøk frå oss og deltaking på fellessamlingar, og dei har levert rapportar etter nærare avtale.

Når det gjeld satsinga på yrkesfag, språklege minoritetar og UH-sektoren har vi hatt ei anna tilnærming. For dei to første gruppene (yrkesfag og minoritetsspråklege) har innsatsen vore konsentrert om nokre få tiltak tidleg i prosjektperioden. Målet var å

kartlegge behov og utvikle eventuelle ressursar som kunne brukast over heile landet. Denne siste målsetjinga gjeld sjølvstøtt og så alle ressursane som er utvikla for dei andre målgruppene i tiltaksplanen.

Grenseoppgangen mot UH-sektoren er alt omtala. Det har ikkje vore så lett å kome på bana i dei aktuelle miljøa, men vi har prøvd å bidra til meir og betre forskning og undervising. Nærare omtale av tiltak for alle dei seks hovudområda kjem i neste hovuddel i rapporten

Den omtala revisjonen av tiltaksplanen (i 2010-2011) gjorde at oppfølginga i nokre av prosjekta ved samarbeidsskulane våre vart omdefinerte frå forskingspreg til å vere meir tilrettelegging for god praksis. Innhaldet i sluttrapporten speglar denne kursendringa. Her finst omtalar av mange prosjekt og fagleg grunngeve vurderingar. Grunnlaget for arbeidet er erfaringsbasert og tilgjengeleg fagkunnskap. Vi har ikkje hatt høve til å arbeide fram forskingsbasert og vitskapleg dokumentasjon på verknader av våre eigne tiltak. Vi trur rapporten likevel inneheld mykje stoff som vil vere nyttig for dei som ønskjer å drive god nynorskundervising.

Sjølv om innsatsen vår i gjennomføringa av tiltaksplanen bør kallast utviklingsarbeid, ikkje forskning, trur vi at erfaringane frå mange av tiltaka er gode utgangspunkt nettopp for undervisningsforskning av ymse slag. Det bør vere eit mål å få til dette i regi av kompetente UH-miljø.

## **Planperiode og ressursbruk**

Planperioden skulle etter planen ta til i januar 2009, og det vart løyvt pengar frå Utdanningsdirektoratet frå og med dette budsjettåret. Det første halvåret gjekk med til dei siste rundane om innhaldet og å få planen godkjend, og den formelle godkjenninga var ikkje klar før i juni 2009. Det førebunde arbeidet var rettnok i gang lenge før det, men det tar tid å lyse ut midlar, vurdere søknader frå skular og barnehagar og å gjere avtalar. Dette gjorde at ein ikkje kom i gang med det praktiske arbeidet før hausten 2009. Det aller meste av midlane blei overført til og brukt året etter (sjå oversyn og merknad under). Nokre få av barnehage- og skuleprosjekta som byrja i 2009 var oppfølging av tidlegare tiltak, men dei fleste var nye dette året. I tillegg opna vi for nye samarbeidspartnarar også i 2010. Det vart også gjort avtalar med eit par samarbeidsskular så seint som i 2011.

Det er to hovudgrunnar til at det vart gjort nye avtalar lenge etter formell tiltaksplanstart i 2009. Vi ønskte å supplere nokre stader på grunn av fråfall, og vi utvida porteføljen på nokre satsingsområde for å få best mogleg breidde. Det beste ville vere å halde seg til den planlagde malen med tre-fire års prosjektperiode med stabile samarbeidspartnarar. Dette var i nokre høve uråd å få til i praksis. For oss har det derfor vore viktigare å få breidde og mangfald i erfaringsgrunnlaget enn at alle skulle vere med frå start til slutt i planperioden.

Etter opphavleg plan skulle tiltaksplanen avsluttast ved årsskiftet 2012/2013. Etter avtale med Utdanningsdirektoratet forlenga vi perioden med eitt semester, slik at dei fleste prosjekta først vart avslutta våren 2013. Sluttrapporteringa vart utsett tilsvarande. Denne forlenginga gjorde at vi fekk fullføre tre eller fire heile prosjektår mange stader. Dette ekstra halvåret høvde også godt med måten samarbeidspartnarane våre arbeider på, sidan skule-/barnehageåret tek til i august og sluttar i juni.

Løyvingane frå Utdanningsdirektoratet til tiltaksplanen har følgd kalenderåra 2009-2012, dvs. etter opphavleg tidsplan. Aktiviteten våren 2013 blei finansiert ved overføring av ubrukte midlar frå føregåande år.

Summane har variert ein del frå år til år:

2009	kr	2 750 000,-
2010	kr	600 000,-
2011	kr	2 600 000,-
2012	kr	1 500 000,-

Samla løyving kr 7 450 000,-

Grunnen til at det blei løyvt så lite i 2010, var at det aller meste av løyvinga frå 2009 sto ubrukt ved årsskiftet (jf. merknad over). 2012-løyvinga vart også redusert pga. mindreforbruk i 2011.

Det er brukt klart mest pengar på dei tre første delane av tiltaksplanen; barnehage, barnetrinn og ungdomstrinn/vidaregåande skule. Mange skular og barnehagar har fått midlar til å planlegge og gjennomføre lokale tiltak (sjå tabell under med oversyn), og det har vore sett av nokså store summar kvart år til større eller mindre samlingar i Nynorsksenteret sin regi. Desse samlingane har vi jamt over fått gode tilbakemeldingar på. Dei involverte lærarane og barnehagetilsette har sett stor pris på å møtast for fagleg påfyll og gjensidig erfaringsutveksling. Det er også lagt ned eit stort arbeid i å utvikle nye nettressursar, t.d. Berte og Iver-satsinga for dei yngste aldersgruppene.

Sidan 2009 har fleire medarbeidarar ved Nynorsksenteret hatt store deler av stillinga knytt til oppfølging av tiltaksplanen. Det er likevel ikkje brukt midlar frå dette budsjettet til heil eller delvis dekking av lønskostnader.

Når det gjeld nærare detaljar om dei ulike postane i rekneskapet for kvart år, viser vi til tidlegare innsende og godkjende økonomirapportar.

## Arbeidsmåtar

Målet for samarbeidsprosjekta har vore å hauste erfaringar og ny kunnskap om korleis nynorsk kan bli introdusert for born i heile aldersspennet frå barnehage til vidaregåande skule. Sidan samarbeidsprosjekta våre ikkje har hatt status som forsøk, men som utviklingsarbeid innanfor rammene til Kunnskapsløftet (2006), har det vore avgjerande å knyte arbeida til kompetansemål og grunnleggjande ferdigheiter i lesing og skriving.

Den første samlinga hausten 2009 var lagt til Høgskulen i Volda. Professor May Britt Postholm (NTNU) var fagleg leiar i eit seminar om forskingsbasert utviklingsarbeid. Vi arbeidde då framleis etter første utgåva av tiltaksplanen med følgjeforskning som viktig premiss. Sjølv om følgjeforskning som metode seinare fall bort, har likevel arbeidet vore tufta på premissane for aksjonsforskning/aksjonslæring, med observasjon, refleksjon, planlegging og handling som viktige, gjentakande element i arbeidet med å utvikle nye arbeidsmetodar.

Vi har lagt vekt på å utvikle tenlege rutinar for prosjektgjennomføringa. Hausten 2010 samla vi derfor eit utval skular til oppstartsseminar i Volda. Her presenterte vi arbeidsmåten for eit utval rektorar, prosjektleiarar og faglærarar. På seminaret vart det

lagt føringar som skulle hjelpe prosjeklærarane i planleggingsarbeidet. Nynorsksenteret formulerte overordna mål, og sette rammer for framdrift og presenterte kva forventningar vi hadde til deltakarskulane i tiltaksplanen.

Planperioden har i hovudsak gått etter eit årleg mønster:

- Kvar haust har anten starta med eit inspirasjonsseminar eller nettsamlingar.
- For mange av prosjekta vart halvårs- eller heilårsplanar leverte inn til respons og/eller godkjenning i oktober.
- I desember/januar har vi henta inn og gitt respons på refleksjonsnotat.
- I løpet av vinteren har vi hatt ei samling der dei ulike samarbeidspartnarane har møttest og delt erfaringar med oss og kvarandre. På desse samlingane har det også vore faglege innlegg både frå egne tilsette og frå personar utanfrå.
- Mot slutten kvart skuleår har kvar barnehage/skule levert årsrapport.
- Fleire av rettleiarane har gjennomført besøksrundar til sine prosjektskular/-barnehagar i løpet av skuleåra.

I tillegg til desse årvisse arrangementa, har prosjektskulane òg fått tilbod om å ta del på andre arrangement i regi av Nynorsksenteret, slik som kurs og konferansar.

For å sikre at korrekt informasjon har kome fram til dei ulike deltakarane, har Nynorsksenteret teke i bruk ei læringsplattform i kommunikasjonen med samarbeidsinstitusjonane. Dette har vore rasjonelt og i stor grad vellukka.

## **Lokalt ansvar og rapportering**

For å sikre kontinuitet i arbeidet, har dei ulike prosjekta hatt egne prosjektansvarlege til å følgje prosjektet frå start til slutt. Det har også vore viktig for Nynorsksenteret at prosjekta har hatt tilslutnad frå leiinga ved institusjonen – anten barnehagestyrar eller rektor ved skulen. Ved somme av prosjekta har òg skulesjef eller oppvekstsjef i kommunen vore involverte. Dette har sikra lokalt eigarskap til prosjektet. Kommune- eller skulebasert kompetanseutvikling har vore eit viktig prinsipp.

Det har også vore krav om ein realistisk plan for den praktiske gjennomføringa. Og som grunnlag for alt: Ein grunnleggande og gjennomtenkt visjon – ein idé om varig endring.

Nynorsksenteret si rolle skulle vere å syte for fagleg rettleiing og yte økonomisk støtte. Dette har skjedd gjennom kontakt pr. e-post og telefon, deltaking på fagkurs, arbeidsseminar og konferansar og ved overføring av midlar etter spesifisert søknad.

Det har vore stilt krav til samarbeidsinstitusjonane om dokumentasjon, refleksjon og vurdering av arbeidsmetodane undervegs i prosjektperioden. I samband med dette har Nynorsksenteret bede om årsplanar, refleksjonsnotat og årsrapportar frå kvar enkelt institusjon. Desse tilbakemeldingane har vore grunnlaget for oppfølging undervegs, justering av prosjektplanar og oppsummeringa i sluttrapporten.

Det har ikkje vore stilt store formelle krav til omfang eller utforming av undervegs- og sluttrapportane. Likevel er tilbakemeldinga frå nokre samarbeidspartnarar at dei har opplevd det som tidkrevjande å skulle rapportere og reflektere på ein systematisk måte undervegs.

Slike reaksjonar kan ha fleire årsaker.

Det kan skuldast at den lokale eigarskapen til prosjektet har vore uklar og/eller har smuldra bort. Dette gir dårleg motivasjon også for rapportering.

Ei anna årsak kan vere at kompetansen i prosjektarbeid varierer. Det er tidvis krevjande for ein lærar i full undervisingsstilling å skrive gode planar og rapportar som ser ut over dag-til-dag-problematikken ved den lokale skulen. Ein del av samarbeidet mellom Nynorsksenteret og samarbeidspartnarane har derfor gått ut på å bryte ned kompetansemåla i læreplanane til handterlege læringsmål, å setje opp tydelege prosjektplanar og å skrive rapportar som svarer til problemstillingane. For somme av samarbeidspartnarane har spesielt dette siste punktet vore tidkrevjande. Vi meiner likevel å sjå at arbeidet har vore med å opne auga hos fleire for korleis læreplanbasert prosjektarbeid kan drivast.

Negativ innstilling kan også skuldast meir eller mindre medviten motstand mot endring. Målet for utviklingsarbeid er å skape refleksjon og å endre praksis og haldningar. Ein slik prosess kan vere smertefull og krevjande. At alle deltakarane ikkje er like begeistra heile tida, treng derfor ikkje vere eit teikn på at prosjektet er mislukka. Tvert om kan det vere eit teikn på at ting skjer.

Motivasjonen for å setje i gang eit utviklingsarbeid kan vere ulik hos skuleeigar/ skuleleiing og faglærar. Der læraren ser etter konkrete løysingar på didaktiske utfordringar i klasserommet, kan leiinga ved ein skule vere motiverte ut frå eit ønskje om betre karakterar og resultat frå nasjonale prøver. Dette treng likevel ikkje vere ein stengsel for gode prosjekt.

## Oversyn over gjennomførte tiltak

Tiltaksplan	Omtale i tiltaksplanen	Omfang	Publikasjoner
1. Barnehage	<i>Setje i gang FoU-prosjekt for nynorsk språkstimulering i barnehagen og utvikle digitale ressursar til bruk for pedagogisk personale i leik og læring på nynorsk for barn.</i>	6 kommunar 7 barnehagar	Filmen <i>Nynorsk i barnehagen</i> følger barna i Bergetippen barnehage som les nynorske bøker og lagar eiga avis. <a href="http://www.nynorsksenteret.no/nyn/ressursbase-for-skulen/nynorsk-for-dei-minste/opplegg-og-idear">www.nynorsksenteret.no/nyn/ressursbase-for-skulen/nynorsk-for-dei-minste/opplegg-og-idear</a>  Fleire artiklar i bladet <i>Nynorskopplæring</i>
2. Barnetrinn	<i>Nynorsk frå skulestart. Lesing og skriving for elevar med nynorsk som opplæringsmål.</i>	6 kommunar 8 skular	Filmen <i>i praksis: fagskriving på barnesteget</i> dokumenterer eit skriveprosjekt på Dingemoen skule i Fjaler kommune vårsemesteret 2011. <a href="http://www.skoleipraksis.no/fagskriving/">www.skoleipraksis.no/fagskriving/</a>  Fleire artiklar i bladet <i>Nynorskopplæring</i>
	<i>Setje i gang prosjekt for utprøving av tidleg start med nynorskopplæring i lesing og skriving for elevar med bokmål som opplæringsmål.</i>	2 høgskular 3 kommunar 3 skular	4 konferanseinnlegg: 2 internasjonale og 2 nasjonale. 3 artiklar og 3 bøker i løpet av 2013
3. Ungdomstrinn og vgs	<i>Elevar med bokmål som hovudmål: Setje i gang prosjekt der elevane brukar lærebøker og læringsressursar på nynorsk i eit anna fag enn norsk. Prosjektet skal vere treårig og gjennomførast på fem skular.</i>	6 kommunar 6 skular	Filmen <i>i praksis: med nynorsk inn i faget – lærebøker på nynorsk i andre fag enn norsk</i> dokumenterer korleis Stavanger katedralskole arbeider med nynorske lærebøker i samfunnsfag. <a href="http://www.skoleipraksis.no/nynorsk/filmar/nynorsk-laerebok/">www.skoleipraksis.no/nynorsk/filmar/nynorsk-laerebok/</a> Fleire artiklar i bladet <i>Nynorskopplæring</i>
	<i>Elevar med nynorsk som hovudmål: Setje i gang prosjekt med vekt på skriving i alle fag. Prosjektet skal vere treårig og gjennomførast i fleire område med nynorsk som hovudmål.</i>	9 kommunar 16 skular	Filmen <i>i praksis: lesing og skriving i samfunnsfag</i> viser korleis Eresfjord barne- og ungdomsskule i Nesset kommune arbeider med fagskriving i samfunnsfag. <a href="http://www.skoleipraksis.no/lesing-skriving/filmar/lesing-og-skriving-i-samfunnsfag/">www.skoleipraksis.no/lesing-skriving/filmar/lesing-og-skriving-i-samfunnsfag/</a> Fleire artiklar i bladet <i>Nynorskopplæring</i>
4. Yrkesfag	<i>Gjere fagtekster på nynorsk tilgjengelege for bruk i opplæringa.</i>	Innhenting av bakgrunnsmateriale i fleire fylke	Sjå omtale under
	<i>Formidle nettbaserte eksempel på nynorsk som bruksspråk i arbeidslivet.</i>	Omfatta av den daglege drifta av Nynorsk-senteret	Gjennom nettstaden <a href="http://tekstbasen.nynorsksenteret.no">tekstbasen.nynorsksenteret.no</a> viser Nynorsksenteret eksempel på autentiske nynorsktekstar henta frå aviser og nettstader.



Tiltaksplan	Omtale i tiltaksplanen	Omfang	Publikasjonar	...framhald
5. Språklege minoritetar	<p><i>I samarbeid med Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring sikre digitale ressursar på nynorsk til bruk for lærarar som underviser etter læreplan i grunnleggjande norsk for språklige minoriteter og i grunnopplæringa.</i></p> <p><i>Utvikle støttmateriell for opplæring i nynorsk som sidemål for elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn.</i></p>		<p>Gjennom nettstaden <a href="http://www.nynorsksenteret.no/nyn/ressursbase-for-skulen/minoritetsspråklege">www.nynorsksenteret.no/nyn/ressursbase-for-skulen/minoritetsspråklege</a> har Nynorsksenteret samla nettressursar for elevar som følgjer læreplan i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar i grunnopplæringa og syner døme på støttmateriell for den same elevgruppa.</p>	
6. UH-sektoren	<p><i>Styrking av samarbeidet om utviklingsoppgåver med lokale, regionale og nasjonale instansar og med fagmiljø på nasjonalt og internasjonalt plan for å styrkje kunnskapsgrunnlaget for nynorskopplæringa.</i></p>	<p>6 konf. 15 kurs 4 fylke 5 komm.</p>	<p>Innlegg på nasjonale og internasjonale konferansar. Kurs for lærarar i regi av fylkeskommunar og kommunar.</p>	
	<p><i>Formidle oppdatert forskning til sektoren</i></p>	<p>Ca. 1500 abonnentar</p> <p>5 artiklar Med-arrangør Ca. 400 konferanse-deltakarar</p>	<p>Gjennom bladet <i>Nynorskopplæring</i> formidlar Nynorsksenteret siste nytt frå forskning, relevante publikasjonar og resultat frå samarbeidsprosjekta våre. Bladet kjem tre gonger i året og har 1500 abonnentar (juli 2013). Artiklar i <i>Norsklæraren</i>, <i>Bedre skole</i>, <i>NOLES</i>.</p> <p>Gjennom Nynorskkonferansen 2009-2013 har Nynorsksenteret hatt årvisse samlingar der lærarar og forskarar kan utveksle didaktiske erfaringar om nynorskopplæring.</p>	
	<p><i>Bidra til arbeid som sikrar god kvalitet i etter- og vidareutdanninga av norsklærarar</i></p>	<p>Universitet og høgskular</p>	<p>Undervising for norsklærarar og lærarstudentar ulike stader i landet.</p>	

## Andre prosjekt med liknande målsetjingar

Emne	Omtale	Omfang	Publikasjonar
Erdal (Askøy)	<i>Leseprojekt</i> Innkjøp av skjønnlitteratur i klassesett.	1 skule	
Hop (Bergen)	<i>Nynorsk i alle fag</i> Innkjøp av klassesett med nynorsk skjønnlitteratur.	1 skule	
Jølster	<i>Nynorsk skaparkraft</i> Samarbeidsprosjekt mellom Nynorsksenteret, kommunen og fylkeskommunen.	2 gr.-skular inkl. SFO Kulturskulen 1 vgs Folkebibliotek	Elevprodusert bok, avis og annan tekst, teater og andre kunstnarlege uttrykk
Langevåg (Sula)	<i>"Vi vil og vi kan – slå eit slag for nynorsken!"</i> Samarbeid mellom folkebiblioteket og skulen	1 skule Folkebibl.	To leselestasjonsjonar
Sagatun (Balestrand)	<i>Leseglede og lesedugleik</i> Lærargruppa gjev tilbakemelding om nyttig kunnskap om metoden "retteleia lesing" og "lesing i alle fag". Lærargruppa ønskjer vidare kvalifisering i høve lesing og leseprosess, kartlegging og elevsamtale i leselæringa.	1 skule	
Stord kommune	<i>Fokus på fagtekst</i> Kommunal satsing på nynorsk i skulen. Samarbeid mellom fem ulike skular som ønskjer å arbeide med nynorsk fagskriving.	2 barneskular 3 ungd.skular	
Åssiden vgs (Drammen)	Leseprojektet Aktiv bruk av nynorsk litteratur i norskundervisinga for allmenn påbygg.	1 vg skule	Artikkel i <i>Nynorskopplæring</i>
Torstad skole (Asker)	<i>Nye vegar til betre nynorsk</i> Samarbeid med m.a. Det Norske Teatret. Arbeid med autentisk skriving og knyter nynorsk opp mot arbeidet med grunnleggjande ferdigheiter.	1 skule	Skrivekonkurranse. Dei premierte bidraga er publiserte i eige trykk

## Barnehagar og skular med samarbeidsavtalar

Nynorsk i barnehagen	09-10	10-11	11-12	12-13
Bergetippen barnehage (Aukra)		1	1	1
Bringedalsbygda oppvekstsenter avdeling barnehage (Kvinnherad)		1	1	1
Olden barnehage (Olden)		1	1	
Røysmarka studentbarnehage (Volda)		1	1	
Stranda barnehage (Sund)				1
Tennfjord barnehage (Haram)		1	1	1
Uskedalen barnehage (Kvinnherad)		1	1	1
Tal på barnehagar:		6	6	5
<b>Lesing på barnetrinnet (hovudmål) / Nynorsk frå skulestart</b>				
Dingemoen skule (Fjaler)		1	1	1
Halsnøy skule (Kvinnherad)		1		1
Hystad skule (Stord)			1	1
Søfteland skule (Os)	1	1	1	1
Søre Fusa oppvekstsenter avdeling skule (Fusa)	1	1	1	1
Tjødnalio skule (Stord)		1	1	1
Uskedalen skule (Kvinnherad)			1	1
Vikedalen skule (Vindafjord)			1	1
Tal på skular:	2	5	7	8
<b>Tidleg start (sidemål)</b>				
Høgskolen i Bergen (ved Hilde Traavik)				
<i>Brattholmen skole (Bergen)</i>		1	1	1
Høgskolen i Østfold (ved Benthe Kolberg Jansson)				
<i>Våland skole (Stavanger)</i>	1	1	1	
<i>Hjortsberg skole (Halden)</i>			1	1
Tal på skular:	1	2	3	2
<b>Skriving i alle fag (hovudmål)</b>				
Bratteberg skule (Volda)	1	1	1	1
Bø ungdomsskule (Bø)		1	1	1
Firda vgs. og Valdres vgs. (Sandane og Nord-Aurdal)			2	2
Neset kommune (2x3 skular)		6	6	6
Os skule (Os ved Bergen)	1	1	1	1
Seljord ungdomsskule (Seljord)		1	1	1
Straumen skule (Tysvær)	1	1	1	1
Sund ungdomsskule (Sund)	1	1	1	
Ulstein vgs. (Ulstein)			1	1
Volda ungdomsskule (Volda)	1	1	1	1
Tal på skular:	5	13	16	15
<b>Lærebøker og læremiddel på nynorsk i andre fag enn norsk (sidemål)</b>				
Bardufoss ungdomsskule (Målselv)	1	1		
Brandbu ungdomsskule (Gran)		1	1	1
Finnsnes (Lenvik)		1		
Kolvikbakken ungdomsskule (Ålesund)		1	1	1
Lista ungdomsskule (Farsund)	1	1		
Stavanger katedralskole (Stavanger)				1
Tal på skular:	2	5	2	3
<b>Andre skule- og barnehageprosjekt med liknande målsetjingar</b>				
Jølster kommune (SFO, 2 barneskular, 1 vgs, kulturskolen og folkebiblioteket)				3
Langevåg ungdomsskule (Sula)		1		
Åssiden vgs (Drammen)		1	1	
Erdal ungdomsskule (Askøy)		1	1	1
Hop ungdomsskule (Bergen)		1	1	1
Sagatun skule (Balestrand)	1	1	1	
Stord kommune (fem skular)			0 <sup>3</sup>	5
Torstad skole (Asker)				1

<sup>3</sup> Midlar vart tildelte dette skuleåret, men prosjektet kom ikkje i gang før året etter

## Geografisk spreing

Ved starten av tiltaksplanperioden var målet å ha god geografisk spreing av skule- og barnehageprosjekta. Dette vart forsøkt sikra ved opne utlysingar. I 2009 hadde vi derfor lysingar i fagtidskrift og sjølv sagt på nettsida nynorsksenteret.no.


Kartet under kan tyde på at vi spreinga ikkje vart så god som ønskjeleg. Vestlandet ser ut til å ha vore sterkt overrepresentert, medan vi har hatt få prosjekt i andre deler av landet.

Forklaringa på dette er todelt. Den klart viktigaste er at det for hovudmålsprosjekta (inkludert «nynorsk i barnehagen» og «nynorsk frå skulestart») er naturleg å rekruttere skular og barnehagar i det nynorske kjerneområdet i vest. Desse hovudmålsprosjekta utgjør eit stort fleirtal av det samla talet på prosjekt. Her hadde vi dessutan samarbeid med skular i randsonene i Telemark (Bø) og Valdres (Fagernes), noko som sikra at mangfaldet i hovudmålsporteføljen totalt sett vart rimeleg god.

Den andre forklaringa på at vi har hatt etter måten mange prosjekt i bergensområdet og på Nordvestlandet er «jungeltelegrafan». Barnehagetilsette, lærarar og skuleleiarar i same område møtest rett som det er på kommune- eller regionnivå. Då snakkar ein saman og tipsar gjerne om aktuelle prosjekt – med tilhøyrande midlar kollegaene kan søkje på.

I ettertid ser vi at vi kunne ha vore meir bevisste på desse mekanismene undervegs og gått meir målretta ut for å finne fleire samarbeidspartnarar i «bokmålsland» i sør, aust og nord. Dette gjeld først og fremst sidemålsprosjekta.

Betre geografisk spreing kunne ha gitt litt meir varierte prosjektrøynsler og andre perspektiv. Vi ville kanskje også fått positive ringverknader med auka merksemd om alternativ nynorskundervising - i alle fall lokalt.



# Del II

## Oppsummeringar frå prosjekta

### Innleiing

Dette hovudkapitlet er delt i to. Først kjem ei oppsummering av dei erfaringane vi meiner vi kan trekkje ut etter tiltaksplanperioden. Deretter går vi nærare inn på kvart enkelt av dei seks satsingsområda og peikar på spesielle erfaringar frå kvart av tiltaka.

### Erfaringar

Vi deler dei generelle erfaringane inn i tre delar: *Språkleg medvit, den nynorskkompetente eleven og den kompetente nynorsklæraren.*

#### **Språkleg medvit**

Medvit om språkleg mangfald skaper rom for samtale om språk og dermed språkleg undring. Den norske språksituasjonen opnar for samtale kring språk og språkleg identitet som to gjensidig forståelege skriftfestingar av det norske språket.

#### *Språkleg metaperspektiv*

Å samanlikne ulike måtar å uttrykkje seg på, på ulike språk og målformer, gir elevane sjansen til å setje si eiga skriving og kunnskapen til eigen språkbruk i eit større perspektiv. Kontrastiv språkopplæring med metaperspektiv bør kunne brukast på alle nivå, både i barnehagen, på barne- og ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring.

#### *Tidleg start*

Det er viktig at elevane så tidleg som råd blir gjort kjende med den norske språksituasjonen med to likestilte målformer. Alle elevar som følgjer vanleg læreplan, skal lære både nynorsk og bokmål. Kunnskapsløftet<sup>4</sup> legg til rette for arbeid med begge målformene allereie på barnetrinnet. Elevane skal kunne:

- *lese lengre norske og oversatte skjønnlitterære tekster, barnelitteratur og sakprosatetekster på bokmål og nynorsk og uttrykke forståelse og leseopplevelser.*
- *eksperimentere med ulike språkvarianter i egen skriving på bokmål og nynorsk, dialekt og gruppespråk.*

Kompetansemål i norsk etter 7. årstrinn. Skriftlige tekster (2006).

---

<sup>4</sup> I den reviderte utgåva av læreplanen frå 2013 har det kome inn eit punkt om skriving på sidemål under kompetansemål for norskfaget etter 7. årstrinn. Sjølv om dette punktet har kome til etter at tiltaksplanen blei vedteken, er det i samsvar med tiltaket «Tidleg start» som nettopp prøver ut skriving på sidemål på barnetrinnet. Sjå også omtale om dette s. 21.

Dei fleste born i bokmåldominerte område har i utgangspunktet liten kjennskap til nynorsk, og mange møter negative haldningar til sidemålundervisninga på ungdomstrinnet. Tidleg start med nynorsk som sidemål kan fungere som ei motvekt til språklege fordommar.

### *Nynorsk identitet*

Det ein kan kalle den «nynorske identiteten» er ulik frå person til person og frå stad til stad. For mange endrar han seg også etter som åra går. Nokre stader er folk svært medvitne om at ein bur i eit nynorskområde, andre stader er ein mindre opptatt av dette. Skal elevar som har nynorsk som hovudmål utvikle eit forhold til skriftspråket sitt, må lærarar på alle årstrinn hjelpe dei til å velje nynorske alternativ der det finst. Dette krev kunnskap om tilfang, men òg kompetanse i nynorsk blant lærarar i nynorskområde.

Ofte er utvalet av bøker til høgtlesing i barnehagen og småskulen svært tilfeldig og utan omsyn til den lokale kulturen og språket på staden. Det same gjeld listene over bøker som skal lesast på høgare klassetrinn. Dette går særleg ut over born i nynorskområde. Det skal lite til å gjere noko med dette. Dei gode bøkene på nynorsk finst for alle aldersgrupper, viss ein berre får vite om dei.

Barnehagetilsette og lærarar i nynorskområde kan ikkje bestemme kva målform borna skal velje i løpet av åra på skulen eller seinare i livet, men dei bør vere med på å skape ein trygg språkleg identitet som grunnlag for alle.

### **Den nynorskkompetente eleven**

Eit viktig mål for skuleprosjekta har vore å gjere elevane til kompetente nynorskbrukarar. Læreplanen i norsk seier at elevane etter ti år skal kunne lese, men òg uttrykke seg presist og nyansert på både bokmål og nynorsk. Elevane skal kunne

*lese og skrive tekster i ulike sjangere, både skjønnlitterære og sakspregede på bokmål og nynorsk: artikkel, diskusjonsinnlegg (...)*

*uttrykke seg presist og med et variert og nyansert ordforråd i ulike typer tekster på bokmål og nynorsk.*

Kompetansemål i norsk etter 10. årstrinn. Skriftlige tekster (2006).

Kunnskapsløftet (2006) skil altså ikkje mellom bokmål og nynorsk, eller mellom hovudmål eller sidemål. Ifølgje læreplanen er dei to norske målformene likestilte. Læreplanen konkretiserer likevel i liten grad korleis læraren skal gå fram for at elevane skal nå kompetansemåla. Tilbakemeldinga frå prosjekta våre syner også at mange lærarar er usikre på korleis elevane best mogleg skal skaffe seg ein solid nynorskkompetanse.

Erfaringar syner at elevar les lite nynorsk tekst, og at dette viser att i elevane sin bruk av ord og vendingar i eiga skriving. Mange uttrykksmåtar og faglege omgrep er henta frå bokmålstekstar. Dette gjeld norskfaget, men kanskje endå meir i andre fag der ein viktig del av kunnskapsinnhentinga skjer i skriftlege kjelder utanfor lærebøkene.

På dette punktet er det liten skilnad på hovudmåls- og sidemålselevar. Å gjere eleven til ein kompetent nynorskbrukar må derfor bety at ein synleggjer og bruker det nynorske språket i arbeidet med grunnleggjande ferdigheiter i lesing og skriving. Fleire av prosjekta har derfor omhandla arbeid med grunnleggjande ferdigheiter, med nynorsk tekst som arbeidsspråk.

### *Å kunne lese som grunnleggjande ferdigheit*

...er å skape mening ut frå eit breitt utval tekstar frå både notid og fortid.

Utviklinga av leseferdigheiter føreset at elevane les ofte og mykje, og at dei arbeider systematisk med lesestrategiar som er tilpassa føremålet med lesinga (Rammeverk for grunnleggjande ferdigheter 2012). I den norske språksituasjonen vil det mellom anna seie å lese tekstar på både bokmål og nynorsk i ulike sjangrar og frå ulike tidsepokar.

Det er ein klar samanheng mellom ordforråd og leseforståing. God leseopplæring må inkludere arbeid med ordforståing og læring av nye omgrep. God leseopplæring på *nynorsk* - anten det gjeld hovudmål eller sidemål - må likeeins føre til auka nynorsk ordtilfang hos elevane.

Det er avgjerande med gode tekstlege føredøme på nynorsk i alle fag. I mediekvardagen kan det vere vanskeleg for born og unge å finne nynorske døme i ulike sjangrar. Dei treng å oppleve opplæringa i nynorsk som relevant, noko som igjen er ein viktig motivasjon og fungerer som grunnlag for eigenlæring.

### *Å kunne skrive som grunnleggjande ferdigheit*

...vil mellom anna seie å kunne uttrykkje seg på ein føremålstenleg måte uavhengig av målform (ibid).

For norske elevar må derfor skrivekompetansen innebere å meistre begge målformene. Dette oppnår ein best gjennom systematisk arbeid med formelle skriveferdigheiter, tekstkunnskap og skrivestrategiar.

Ordtilfanget til elevane ser ein att i tekstane som elevane skriv. Når ein arbeider med skriving på nynorsk, er det svært viktig med nynorske førebilete. Noko som viser seg å ha hatt god effekt på den nynorsk ordtilfanget er å bruke og tematisere nynorske omgrep i arbeid med fagleg skriving. Nynorsk må brukast av læraren, munnleg så vel som skriftleg. Som skrivelærarar må læraren vere språkleg medviten og inkludere alle dei ulike skrivehandlingane i den skriftlege nynorskopplæringa (jamfør skrivehjulet<sup>5</sup>). For å oppnå dette må lærarar vere ekstra medvitne om kva fagtekstar elevane bruker, og rettleie dei til å velje nynorske alternativ når det finst.

### **Den kompetente nynorsklæraren**

Under sluttseminaret i april 2013 vart lærarane frå dei ulike samarbeidsprosjekta utfordra til å seie noko om kva som vert kravd av ein lærar for å kunne drive god nynorskopplæring.

#### *Formidlingsevne og engasjement*

Desse to punkta gjeld for den gode læraren generelt: all undervising går betre med dyktige lærarar som er engasjerte i faget sitt. Nynorsk i skulen får tidvis hard medfart i media og elevane treng lærarar som viser at dei liker faget sitt.

---

<sup>5</sup> *Skrivehjulet* er ein modell som skal synleggjere sentrale dimensjonar ved skrivinga til eleven. Modellen er utforma som eit hjul med fleire omsluttande sirkalar. Sirklane kan vriast, slik at dei blir plasserte i ulike konstellasjonar i forhold til kvarande. Dette viser at dei ulike skrivekompetansane og skrivehandlingane kan kombinerast etter behov alt etter kva føremålet med skrivinga er. Skrivehjulet kan brukast som utgangspunkt for refleksjon rundt planlegging, gjennomføring og vurdering av skriveundervising. Sjå meir: <http://www.skrivesenteret.no/ressurser/skrivehjulet/>

### *Kunnskap om nynorsk språk*

Skal ein undervise i nynorsk må ein ha oppdaterte kunnskapar om skriftspråket. Det må vere sjølvstendig for ein lærar å tileigne seg slik kunnskap, uavhengig om ein skal undervise elevar med nynorsk som hovudmål eller sidemål.

### *Kunnskap om nynorsk litteratur*

Mange elevar les si første skjønnlitterære bok som ein del av skularbeidet. Det har aldri blitt skriva så mykje nynorsk litteratur som i dag, men ein må ha kjennskap til bøkene for å gjere dei synlege for førstegangslesarane. Den medvitne nynorsklæraren veit å føreslå nynorsk litteratur for elevane.

### *Nynorskdidaktikk*

Det er viktig å ha ulike innfallsvinklar når ein lærer elevane nynorsk. Læraren må ha kunnskap om nynorskdidaktikk. Skular og lærarar pliktar å skape eit læringsmiljø der å lære nynorsk er noko sjølvstendig og ikkje noko framandt og eksotisk.

### *Medvit om eigne haldningar til nynorsk språk*

Som lesande og skrivande vaksenperson er lærarar språklege rollemodellar for elevane. Negative haldningar til fag og emne smittar, men det same gjeld òg positive haldningar. Ein lærar som brenn for faget og emnet kan langt på veg motverke slike allmenne haldningar frå storsamfunnet.

### *Kompetanse i rettleiing av elevtekstar*

Det trengst kompetanse i å rettleie elevtekstar. På nynorsk bruker ein ofte andre omgrep og har eit anna stilideal i ordval og syntaks enn på bokmål. Dette krev at lærarar som rettleier skriving på nynorsk, anten som hovudmål eller sidemål, har kunnskap og kjennskap til emnet.



# 1. Barnehage

## Nynorsk i barnehagen

Nynorsksenteret har i hovudsak hatt samarbeid med barnehagar i kommunar der borna skal lære nynorsk når dei kjem på skulen. I mange kommunar er nynorsk tenestespråket, medan bokmål står sterkt elles. Fleire melder om at borna ikkje møter nynorsk skriftspråk i særleg grad før dei kjem på skulen, noko som gjer overgangen til skuleaktivitetar og skriving stor. Målet har vore å gjere borna kjende med nynorsk før skulestart. Sentralt i desse prosjekta har vore nynorsk litteratur nytta til høgtlesing, som utgangspunkt for samtale om språk og skriftleg arbeid. Då vert det viktig å ha tilgang til nynorske bøker. Nokre av prosjekta har oppretta samarbeid med folkebiblioteket i kommunen, og på den måten etablert god tilgang på ny litteratur. Dette gjer også biblioteket meir bevisst på å ta inn nynorsk litteratur.

Det er viktig at borna får eit metaspråk om språk, der dei vert kjende med ulike omgrep som bokmål og nynorsk, dialekt og språk. I tillegg har det vore viktig å gjere dei tilsette meir medvitne om bruken av nynorsk tekst. Språket er ein viktig faktor i utviklinga av identitet, og ved å arbeide med språk og lesing på ein meir systematisk måte har prosjektbarnehagane gitt eit godt bidrag til denne identitetsutviklinga også for dei aller minste.

### **Erfaringar frå barnehagane:**

- Nynorsk er naturleg:  
Det har vorte naturleg å lese på nynorsk og ikkje berre på dialekt. Dette kan vere ein overgang for mange, men fleire barnehagar fortel om gode erfaringar når ein tek steget og les på tilnærma normalisert nynorsk.
- Naturleg å prate om språk:  
Det er vanleg å spørje om ord og omgrep og på den måten skape eit rom for språksamtar. Ein etablerer ein kultur i barnehagen for samtale om språk, ord og omgrep.
- Bevisstgjerjing om bruk av nynorsk litteratur:  
Dei tilsette får auka kunnskap og kompetanse og vert meir medvitne om kva litteratur dei brukar.

I samarbeid med barnehagane har vi i løpet av prosjektperioden utvikla nettstaden *Nynorsk for dei minste*. Her finst eit stort utval gode ressursar til bruk både for born og pedagogisk personale. Ein del av det høver også godt til bruk i småskulen.

### **Aktuelle nettressursar for barnehagen:**

- <http://www.nynorsksenteret.no/nyn/alderssteg/barnehage>

## 2. Barnetrinn

Det har blitt gjennomført prosjekt for barnetrinnet med to ulike innfallsvinklar. Den typen tiltak som er nemnt eksplisitt i tiltaksplanen er for elevar med bokmål som opplæringsmål og som skal prøve ut opplegg med «tidleg start» i den andre målforma. I tillegg har vi også gjennomført nokre prosjekt i nynorskområde, i forlenging av barnehageprosjekta. Grunnlaget for desse tiltaka er målsetjinga som er formulert i denne delen av tiltaksplanen: «Elevane skal oppleve at nynorsk er ein del av moderne norsk språk og eit viktig grunnlag for deira språklege og kulturelle identitet».

### **Nynorsk frå skulestart**

#### *Nynorsk som hovudmål*

Prosjekta har lagt til rette for at born og vaksne får eit positivt forhold til språk generelt og nynorsk spesielt. Hovudmålslærarar treng å verte minna på bruken av nynorsk litteratur, særleg med tanke på høgtlesing for elevane, men òg i val av litteratur som elevane skal lese sjølve. Elevar i barneskulen vert eksponerte for meir bokmål enn nynorsk gjennom fjernsyn, data og alle slags trykksaker. Dette gjeld uavhengig av hovudmålet til eleven.

Ved å legge vekt på det munnlege språket og forklare nynorske ord og omgrep, har elevar og lærarar vorte meir medvitne språket sitt. Fleire av prosjektskulane peiker på nynorsk litteratur som eit naturleg utgangspunkt for lese- og skriveopplæringa, og meiner å sjå at elevane tek med seg denne lese- og skrivekompetansen i det vidare skulearbeidet.

#### **Erfaringar frå skulane:**

- Systematisk bruk av biblioteket og vektlegging av nynorsk litteratur i skulearbeidet.
- Auka medvit blant lærarane om kva nynorsk litteratur som finst.
- Auka kunnskap om kvar ein finn god nynorsk litteratur.
- Auka medvit om samtalar om språk, ord og omgrep.

Prosjekta har tydeleggjort samanhengen mellom talemålet og skriftspråket for mange elevar og lærarar. Elevane kjenner att sitt eige talemål i det nynorske språket og har fått auka forståing for verdien av nynorsk som del av både eigen og lokalsamfunnet sin språklege identitet. Skulane har i tillegg vore referansegruppe i samband med utvikling av nettstaden *Nynorsk for dei minste*.

## Tidleg start

### *Nynorsk som sidemål*

I dette prosjektet har to forskarar ved Høgskolen i Bergen og Høgskolen i Østfold (Hilde Traavik og Benthe Kolberg Jansson) hatt sentrale roller. Dei har dokumentert prosjektet gjennom innsamling og analyse av elevtekstar, klasseromsobservasjonar og intervju med lærarar og elevar. Endeleg rapport frå prosjektet vil ligge føre våren 2014.

Utgangspunktet for dette prosjektet er tilrådinga frå både norsk og internasjonal forskning om å starte tidleg med å lære andre språk enn førstespråket. Elevar på barnesteget har eit stort potensial for å tileigne seg meir enn eitt språk, og det å møte og arbeide med fleire språk gjer barna språkleg medvitne.

Den viktigaste målsettinga for prosjektet har vore å få kunnskap om korleis bokmåselevar kan arbeide med både lesing og skriving på nynorsk på barnesteget og korleis skriveferdigheitene deira, spesielt i nynorsk, utviklar seg. Gleda over språk og språkkunnskap har stått sentralt. I alle klassane var samtalan om språk viktige som ein del av opplæringa i nynorsk, ikkje minst samtalan der elevane sin eigen språkkompetanse blei verdsett.

### **Erfaringar frå skulane:**

- Det er viktig å ha engasjerte og kompetente lærarar som kan gjennomføre gode samtalar om språk og språkvariasjon i klassane. Lærarane må meistre både nynorsk og bokmål, noko som ikkje er sjølvsgt.
- Kontrastiv undervising, der læraren samtalar med elevane om nynorsk og bokmål, har vore med på å auke medvitet om ulikskapane mellom bokmål og nynorsk.
- Nynorsk kan etter kvart få funksjon som bruksspråk i klassen. Dette normaliserer forholdet elevane har til nynorsk.
- Tett samband mellom lesing og skriving. For å lære «det andre» språket, må ein også øve på å skrive, ikkje berre lese.
  - Lærebøker på nynorsk stimulerer til fagskriving.
  - Eit variert utval av nynorsk litteratur stimulerer til skriving.

Eit svært viktig resultat av prosjektet «Tidleg start med nynorsk» har vore det positive forholdet elevane fekk til nynorsk. Dette er ikkje sjølvsgt blant bokmåselevar.

### **Aktuelle nettressursar for barnetrinn:**

- <http://www.nynorsksenteret.no/nyn/alderssteg/barnetrinn>
- <http://www.nynorsksenteret.no/nyn/ressursbase-for-skulen/opplegg-og-tips/tidleg-start>

### **3. Ungdomstrinn og vgs.**

Elevlar les og ser lite nynorsk rundt seg, uavhengig av om dei har bokmål eller nynorsk som hovudmål. Tiltaksplanen skisserer to innfallsvinklar til å kunne utvikle god praksis i nynorskopplæring på ungdomstrinnet og den i vidaregåande skulen. Begge tiltaka har som mål at elevane skal tileigne seg dei grunnleggjande ferdigheitene å kunne lese og å kunne skrive på nynorsk.

*Skriving i alle fag* har vore eit tverrfagleg prosjekt for elevlar med nynorsk som hovudmål der det har vore lagt vekt på systematisk bruk av nynorsk i skriveopplæringa.

*Lærebøker og læringsressursar på nynorsk i eit anna fag enn norsk* har vore eit prosjekt der elevlar med nynorsk som sidemål har fått møte nynorsk fagtekst i bruk i andre læringssituasjonar enn i norskundervisinga.

#### **Skriving i alle fag**

##### *Nynorsk som hovudmål*

Dette prosjektet har involvert tretten skular med svært ulike føresetnader og mål for prosjektperioden. Somme har samarbeidd på kommuneplan, andre interkommunalt og på tvers av fylkesgrenser, medan andre igjen har involvert ein eller fleire klassar på ein einskild skule. Felles for alle har vore arbeidet med nynorsk fagtekst i andre fag enn norsk. I desse prosjekta har målsetjinga vore å gi nødvendig hjelp til å utvikle språkkunnskapar og språkleg tryggleik hos elevane, anten nynorsk er hovudmål eller sidemål.

##### **Erfaringar frå skulane:**

- Nynorske fagomgrep er mindre frekvente enn dei tilsvarende bokmålsorda. Derfor er det viktig å arbeide grundig med både uttrykk og innhald i fagomgrepa, og at dei vert brukte aktivt i tale og skrift i klasserommet.
- Fagkjeldene påverkar elevtekstane sterkt. Derfor er nynorske kjelder vesentlege, både når det gjeld ordval og syntaks.
- Arbeidet læraren legg ned for å finne fram emneord på nynorsk er svært viktig når elevane skal skrive nynorsk i det aktuelle faget.
- I fleire av prosjekta melder lærarane at frekvensen av lånord frå bokmål har gått kraftig ned gjennom prosjektperioden.
- Det er eit klart pluss med samarbeid med eksterne aktørar som viser nynorsk i bruk utanfor klasserommet.

Det er vesentleg for elevlar med nynorsk som hovudmål å sjå nynorsk bli brukt andre stader enn i norskbøkene. Ved å bruke nynorske fagomgrep og knyte skriveopplæringa til både fag og norskfag, opplever elevlar og lærarar at nynorsk er eit språk ein kan ta med seg inn i område utanfor skulen, t.d. i arbeidslivet. Eit konkret døme som viser haldningsendringar til nynorsk fagspråk, er bokmåseleven som spurde læraren om det verkeleg gjekk an å skrive fagtekstar på anna enn nynorsk. Dette viser kor stor påverknad ein har som lærar når det gjeld å så haldningar til språk og språkleg identitet.

## Lærebøker og læringsressursar på nynorsk i eit anna fag enn norsk

### *Nynorsk som sidemål*

Det har vore nytta lærebøker på nynorsk i samfunnsfag og kjemi på vidaregåande trinn og på ungdomstrinnet. Utgangspunktet har vore eit ønske om å skape positive haldningar til nynorsk ved å gje sidemålsopplæring på ein annan måte enn den som går føre seg i norskfaget. Utviklingsarbeidet har i hovudsak vore starta opp av entusiastiske lærarar, men skuleorganisasjonen har likevel kome meir på bana etter kvart, og leiinga ved skulane har vurdert prosjektet som så verdfullt at dei ønskjer å halde fram med å bruke lærebøker på nynorsk i eit anna fag enn norsk.

Prosjektet har vore med på å utvikle god praksis og gitt elevar med nynorsk som sidemål eit breiare tekstgrunnlag enn dei møter elles. Lærarane som har teke del, seier at denne måten å undervise på har gjort dei meir medvitne om korleis dei kan arbeide målretta med fagspråk og grunnleggjande ferdigheiter i lesing og skriving.

### **Erfaringar frå skulane:**

- Lærebøker på nynorsk i eit anna fag enn norsk gir ein bonus i norskfaget.
- Lærarane opplever stadig færre spørsmål om kva ord på nynorsk tyder, noko som kan tyde på at elevane er blitt tryggare i nynorsk.
- Elevane har vore svært positive fordi dei opplever det avvæpnande å møte nynorsk utan at språket blir retta på.
- Elevane opplever lågare terskel for å spørje om kva ulike omgrep betyr på nynorsk. Å lære sentrale omgrep i to språkvariantar fører også til betre forståing av kva som ligg i omgrepa. Dette gir dermed ein fagleg bonus i tillegg til den språklege.
- Dei få elevane i prosjektet som har nynorsk som hovudmål har også blitt sett ved at dei endeleg har fått lærebok og undervising på hovudmålet sitt. Dette kan vere med på å stimulere til å halde fram med nynorsk som hovudmål.

Eit konkret resultat av haldningsendringar og styrking av nynorsk er at det i minst ein prosjektklasse har vore tilfelle av skifte av hovudmål frå bokmål til nynorsk.

Desse erfaringane bør få konsekvensar for arbeidet med nynorsk som sidemål. Vi veit at nøkkelen til læring er motivasjon og at vi må skape lærings situasjonar der elevane blir motiverte fordi dei opplever lærestoffet og føremålet med opplæringa som meningsfullt.

### **Aktuelle nettressursar for ungdomstrinn og vgs.:**

- <http://www.nynorsksenteret.no/nyn/alderssteg/ungdomstrinn>
- <http://www.nynorsksenteret.no/nyn/alderssteg/vidaregaande>

## 4. Yrkesfag

Grunnlaget for tiltaka i denne delen av tiltaksplanen er formulert slik:

- Elevane med nynorsk som hovudmål i yrkesfaglege utdanningsprogram skal ha læremiddel, læringsressursar og lærarar med kompetanse i nynorsk språk som gjer det mogleg for elevane å utvikle eit godt og relevant nynorsk fagspråk slik at dei kan bli trygge språkbrukarar i framtidig yrkesliv.

Å legge til rette for at ungdom i nynorsksområde som tar denne utdanningsvegen skal bli trygge språkbrukarar, er ei kjerneoppgåve for Nynorsksenteret. Men målet er ambisiøst og lite konkret, og vegen fram er uansett lang. Dette gjer det vanskeleg å vurdere i kva grad aktuelle tiltak har effekt. Dessutan er det berre eitt av dei tre elementa i den siterte målformuleringa som klart fell innanfor Nynorsksenteret sitt ansvarsområde. Det er «læringsressursar».

Dei to andre elementa – læremiddel og lærarkompetanse – er minst like viktige, men det er meir uklart korleis vi kan eller bør engasjere oss her. Det er forlaga sitt ansvar at alle nynorskelevar får gode lærebøker til semesterstart på si målform, med skuleeigaren som kravstillar og kontrollør. Skuleeigaren skal også syte for at lærarkompetansen «i nynorsk språk» er god nok – med UH-sektoren samarbeidspartnar om eventuell etter- og vidareutdanning. Her er det på sin plass å minne om at *alle* lærarar skal ha denne språkkompetansen, ikkje berre norsklæraren. Dette er særleg viktig i yrkesfag, sidan det her er snakk om skriving av fagtekstar som førebuing «til seinare yrkesliv».

I tiltaksplanen er følgjande to tiltak nemnde:

- Gjere fagtekstar på nynorsk tilgjengelege for bruk i opplæringa.
- Formidle nettbaserte eksempel på nynorsk som brukspråk i arbeidslivet.

Her er ikkje lærebøker eller etterutdanning av lærarar nemnt direkte. Desse framlegga til tiltak ser altså ut til å vere i samsvar med den oppgåvefordelinga som er kommentert over. Men då vi byrja å leite etter aktuelle tekstar som kunne publiserast, kom vi fort borti spørsmål knytt til overlapping med innhaldet i aktuelle lærebøker. Ein del læreverk har allereie gode døme på modelltekstar i tekstsamlingane sine, og vi var derfor usikre på kor stort behovet faktisk var for akkurat dette tiltaket. Ei samling med slike nettressursar kunne også lett kome i konflikt med lærebokforlaga sine kommersielle interesser.

Tidleg i tiltaksplan-perioden var vi i kontakt med fleire vidaregåande skular med yrkesfaglege studieretningar, både for å kartlegge behovet for gode nynorske tekstar som føredøme og for å samle døme på autentiske tekstar frå arbeidslivet som kunne brukast i ein eventuell tekstbase. Det siste viste seg å vere vanskelegare enn vi trudde. Delvis fordi mange arbeidsplassar – også i nynorskområde – i dag nyttar bokmål eller engelsk som kommunikasjonsspråk. Det siste gjeld særleg i industrien. Vi fekk også nokre avslag på desse førespurnadane fordi dei vi kom i kontakt med ikkje ønskte å dele tekstar som inneheldt yrkesspesifikke opplysningar, t.d. tilbod, klager på utført arbeid eller arbeidsloggar.

Intensjonen i dei to foreslåtte tiltaka er god. Det er svært viktig at nynorskelevar ved yrkesfaglege studieretningar har tilgang til gode nynorske fagtekstar i ulike sjangrar.

Slike tekstar finst i læreverka, men det er eit potensielt problem at kravet om språkleg parallellitet ikkje gjeld fag med eit samla årskull under 300 elevar<sup>6</sup>.

Vi har valt å løyse oppdraget i tiltaksplanen ved å vise til den generelle tekstbasen vår. Her ligg det no ei stor samling autentiske medietekstar som er i bruk. Mange av desse er fagtekstar som er relevante for målgruppa. Det kan vere aktuelt å utvide denne basen med autentiske arbeidslivstekstar på nynorsk.

Vi vil også vise til det nyleg utgjevne heftet frå Skrivesenteret *Skriving i FYR. Meiningsfulle skriveoppgåver på yrkesfag*. Nynorskutgåva av dette heftet er ein god ressurs for nynorskelevane og eit supplement til tekstbasen vår.

I tillegg kjem alle dei generelle ressursane på nettsida *nynorsksenteret.no* som lærarar og elevar på yrkesfag kan bruke. Her finst mange tips om rettskriving og undervisingsmåtar som er tilpassa også denne målgruppa.

I samband med arbeidet med denne delen av tiltaksplanen har vi prøvd å kartlegge bruken av nynorsk hjå elevar i yrkesfaglege studieretningar og i kva grad desse får undervising på si målform. Dette har vist seg å vere svært vanskeleg, m.a. fordi det ikkje finst sentral statistikk for kor mange elevar som nyttar nynorsk på desse studieretningane. Det finst følgjeleg heller ikkje nasjonal statistikk over karakternivå, korkje for standpunkt eller eksamen.

**Aktuelle nettressursar:**

- <http://tekstbasen.nynorsksenteret.no/>

- <http://lesesenteret.uis.no/article.php?articleID=70159&categoryID=7486>

---

<sup>6</sup> Jamfør Forskrift til opplæringslova, § 17-1 (<http://www.lovdatab.no/for/sf/kd/xd-20060623-0724.html#17-1>)

## 5. Språklege minoritetar

I denne delen av tiltaksplanen er målgruppa elevar med anna morsmål enn norsk. Nokre av desse har særskild opplæring i norsk etter *Læreplan i grunnleggjende norsk for språklige minoriteter* før dei går inn i vanlege klasser med ordinær norskundervising. På ungdoms- og vidaregåandetrinnet skal dei då fylgje sidemålsundervisinga saman med resten av klassa, men dei kan fritakast frå vurdering i denne delen av norskfaget <sup>7</sup>.

Sjølv om desse elevane ikkje får eigen sidemålsskarakter på vitnemålet, er det sjølvstendig viktig at dei får ei så god opplæring som råd i begge målformene. Dette er bakgrunnen for følgjande målsetjing i tiltaksplanen:

- Elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn skal få god og tilpassa opplæring i nynorsk som sidemål slik at flest mogleg kan få norskfagleg kompetanse på lik linje med elevar med norsk som morsmål.

Slik dette er formulert, er målgruppa avgrensa til elevar som har bokmål som opplæringsmål. Formuleringa «norskfagleg kompetanse på lik linje med...» kan dessutan tolkast slik at ein ønskjer å få fleire av desse elevane til å fullføre skulegangen med eit fullverdig vitnemål i norsk, inkludert karakter(ar) i sidemål. Det er ikkje sagt noko om alderstrinn, men det er rimeleg at ein her ser føre seg tiltak retta mot elevar på ungdomstrinn og vidaregåande opplæring.

Følgjande tiltak er foreslått:

- I samarbeid med Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring sikre digitale ressursar på nynorsk til bruk for lærarar som underviser etter *læreplan i norsk for grunnleggjende norsk for språklige minoriteter* og i grunnopplæringa.
- Utvikle støttmateriell for opplæring i nynorsk som sidemål for elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn.

Då vi byrja å jobbe med denne delen av tiltaksplanen, såg vi fort at det var minst to punkt som var problematiske: Det første og viktigaste galdt sidemålsprofilen. Er det fornuftig å utvikle ein eigen sidemålsdidaktikk med egne ressursar for minoritetsspråklege? Den andre refleksjonen var at elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn som har nynorsk som opplæringsmål, også har behov for tilpassa sidemålsopplæring. Bør ikkje dei få same tilbodet som elevane i bokmålsområde?

Svaret på det siste spørsmålet er sjølvstendig «ja». Oppfølgjingsspørsmålet blir då «korleis»?

Svaret på det heng saman med svaret på det andre spørsmålet om eigen sidemålsdidaktikk. Det er mindre opplagt, men vi er nokså trygge på at det i utgangspunktet er «nei». All undervising for alle elevgrupper må tilpassast føresetnadane til dei som skal lære den aktuelle ferdigheita. Det betyr i praksis at elevar t.d. på ungdomstrinnet som er svake i bokmål (dersom det er opplæringsmålet) må få ei meir elementær opplæring i nynorsk enn dei norskspråklege klassekameratane. Men dei treng ikkje nødvendigvis spesialtilpassa ressursar. Her kan læraren leite i utvalet som alt finst av nynorskressursar for minoritetsspråklege og velje noko på høveleg nivå.

Denne delen av tiltaksplanen hadde opphavleg ein sidemålsprofil. Vi har funne dette lite føremålstenleg, og har derfor utvida målgruppa til å gjelde alle minoritetsspråklege.

---

<sup>7</sup> Jamfør Forskrift til Opplæringslova, § 1-11 (<http://www.lovdata.no/for/sf/kd/xd-20060623-0724.html#1-11>)



Ressursane som er utvikla skal kunne brukast av alle – også elevar med nynorsk som opplæringsmål. Det første tiltakspunktet i planen er elles i samsvar med dette perspektivet. Her er formulert eit mål om å utvikle digitale ressursar på nynorsk for lærarar som underviser minoritetsspråklege. Sidemålsperspektivet er ikkje nemnt.

I planperioden har Nynorsksenteret publisert tre typar ressursar for opplæring av minoritetsspråklege elevar:

***Nynorsk over alle grenser.*** Dette er eit nettbasert kurs til bruk i grunnleggande sidemålsundervising. Kurset inneheld mange døme med utgangspunkt i kvardagen til minoritetsspråklege elevar, og vart utvikla med desse elevane som primær målgruppe. Opplegget har elles ingen spesiell «minoritetsdidaktikk», og fungerer like godt for norskspråklege elevar. Kurset er laga av Torill Tørjesen og Paal Wiik<sup>8</sup> ved Oslo voksenopplæring på oppdrag frå Nynorsksenteret.

***Nynorsk arbeidsgrammatikk for minoritetsspråklege.*** Denne grammatikken er ei enkel innføring i nynorsk grammatikk for minoritetsspråklege, med både teori, forklaringar og arbeidsoppgåver. Han vender seg særleg til ungdommar og vaksne minoritetsspråklege som ønskjer å lære nynorsk, og som har ein viss skulebakgrunn frå heimlandet. Kurset er laga av Birgitte Fondevik Grimstad og Hilde Osdal og vidareutvikla i samarbeid med Nynorsksenteret. Grimstad og Osdal underviser på studietilbodet i Norsk for utanlandsstudentar ved Høgskulen i Volda.

***Nynorske læreverk for minoritetsspråklege.*** Dette er ei samleside med oversyn over læreverk på nynorsk for minoritetsspråklege i grunnskulen og vaksenopplæringa. Oversynet blir kontinuerleg utvida og oppdatert.

I tillegg til dei tre ressursane som er nemnde over, vil minoritetsspråklege elevar sjølvsagt også ha utbytte av å bruke metodar og ressursar som er utvikla med tanke på nynorskopplæringa for norskspråklege. Mange kompetansemål i læreplanen er også gode utgangspunkt for spennande tilnærmingar til dei to norske målformene. Minoritetsspråklege elevar har ein unik tospråkkompetanse, og denne må utnyttast også når dei lærer om norsk i alle variantar.

***Aktuelle nettressursane er samla her:***

- <http://www.nynorsksenteret.no/nyn/ressursbase-for-skulen/minoritetsspråklege>

---

<sup>8</sup> Tørjesen og Wiik var sentrale i Holmlia-prosjektet (Oslo) frå 2005. Her brukte ein RLE-bøker på nynorsk i nokre klasser på ungdomstrinnet. I prosjektperioden var 60 % av elevane ved Holmlia skole minoritetsspråklege og 40 språk var representerte i elevmassen. (Rapportar frå Holmlia-prosjektet: [http://www.nynorsksenteret.no/nyn/forskning-og-utvikling/fou\\_rapportar-1/sidem%C3%A5ls%C3%B8ftet--holmlia-skole](http://www.nynorsksenteret.no/nyn/forskning-og-utvikling/fou_rapportar-1/sidem%C3%A5ls%C3%B8ftet--holmlia-skole))

## 6. UH-sektoren

Målsetjinga og tiltaka i denne delen i tiltaksplanen vart endra undervegs i planperioden. Dette er kommentert tidlegare (s. 4). I den endelege versjonen er målet formulert slik:

- Senteret skal bidra i utviklingsarbeid som sikrar kompetanse på høgt nivå på området nynorsk i opplæringa.

Tre tiltak er skisserte:

- Styrking av samarbeidet om utviklingsoppgåver med lokale, regionale og nasjonale instansar og med fagmiljø på nasjonalt og internasjonalt plan for å styrkje kunnskapsgrunnet for nynorskopplæringa.
- Formidle oppdatert forskning til sektoren.
- Bidra til arbeid som sikrar god kvalitet i etter- og vidareutdanninga av norsklærarar.

Målformuleringa er svært generell, og det er i praksis vanskeleg å gi ei presis vurdering av kor godt ein har lykkast på dette satsingsområdet. Det er dessutan stor grad av overlapping mellom dette punktet i tiltaksplanen og det som står om kontakt med UH-sektoren i den generelle delen av oppdragsbrevet frå Utdanningsdirektoratet. Eitt av punkta her er t.d. formulert slik: «Bidra med støtte og veiledning for å styrke fagdidaktisk virksamhet og utvikling på sentrenes fagområder [...] Ta initiativ til kvalitetsutviklingstiltak i samarbeid med skoleeiere og UH-sektoren/lærerutdanningen» (Utdanningsdirektoratet 2013, 19)

Kontakt med UH-sektoren har hatt høg prioritet i prosjektperioden, men den nemnde overlappinga gjer at vi har funne det unaturleg å definere nokre initiativ som reine «tiltaksplan-prosjekt» og andre som ein del av det generelle oppdraget. Det aller meste av kostnadane knytt til UH-relatert møteverksemd og konferansedeltaking er elles dekte frå grunnløyvinga, ikkje frå tiltaksplan-budsjettet. Dette gjeld i alle fall dei siste to-tre åra av prosjektperioden.

### **UH-samarbeid**

For at skuleelevar i Noreg skal få god nynorskundervising – både i hovudmål og sidemål – trengst det lærarar med god og relevant kompetanse. Det er UH-sektoren/lærerutdanningane som har ansvaret for å tilby lærarar og barnehagetilsette grunnutdanning, vidareutdanning og etterutdanning som gir denne kompetansen. Det finst i dag ca. 25 universitet og høgskular som tilbyr allmennlærer- og/eller barnehagelærerutdanning. Nynorsksenteret sitt oppdrag er å «bistå» desse. Vi har hatt mest kontakt med Høgskulen i Volda, men i løpet av dei siste åra har vi vore på besøk ved 8-10 institusjonar i ulike landsdelar. Der har vi fremja nynorskperspektivet i lærarutdanningane og informert om ressursane våre. Vi har hatt møte med fagpersonalet og vi har møtt studentar. Velviljen er stor dei fleste stader, men problemet er å få dette perspektivet inn som ein fast del av undervisingsopplegget. Eit dagsbesøk frå ein tilsett ved Nynorsksenteret gir lite varig verknad.

På grunnlag av eigne observasjonar og kontakt med lærarutdannarar i ulike samanhengar, har vi fått eit visst inntrykk av korleis lærarutdanningane i dag driv opplæring i og om nynorsk. Kartlegginga kan korkje kallast systematisk eller fullstendig, men mykje tyder på at det er stor variasjon og at mange ikkje har eit godt nok tilbod. Ei skikkeleg kartlegging bør skje, og så må ein arbeide for å få eit moderne nynorsk-

perspektiv inn i fagplanane i lærarutdanningane på alle nivå. Dette er nøkkelen til å få til ei varig endring som viser att over heile landet.

I tillegg til dei meir sporadiske UH-besøka som er nemnt over, har vi etablert eit tettare samarbeid med lærarutdanningsinstitusjonane på Vestlandet.<sup>9</sup> Desse er organiserte i nettverket *UH-nett Vest*, og Nynorsksenteret har sidan 2012 deltatt på to møte i storseksjonen i norsk i dette nettverket. Våren 2013 vart *Nettverk for nynorskforskning* formelt etablert som eit satsingsområde for UH-nett Vest, med Nynorsksenteret som assosiert medlem. I dette forumet med kompetente fagfolk har vi fått presentere våre prosjekt, og vi har invitert til samarbeid om forskning.

Det finst lite forskning med utgangspunkt i nynorskundervising, og intensjonen i tiltaksplanen var å få til meir av dette. Førebels har ikkje vår «bistand» på dette området resultert i så mykje konkret, men vi ser på deltakinga i *Nettverk for nynorskforskning* som ein god og naturleg strategi. Norskilmjøa ved UH-institusjonane på Vestlandet har lang tradisjon både for å forske på nynorsk og for å legge vekt på nynorskperspektivet i utdanningane sine.

NOLES-samarbeidet kan også nemnast her. Dette Udir-initierte nettverket vart opphavleg etablert for norskilmjøet i UH-sektoren for å auke kompetansen om dei grunnleggande ferdigheitene lesing og skrivning. Sidan 2010 har andre faggrupper også deltatt på samlingane. Nynorsksenteret har saman med Skrivesenteret og Lesesenteret vore med på å drive dette nettverket heilt frå starten av. NOLES har vore ein god arena for oss der vi ved fleire høve har fått presentert våre erfaringar og arbeidsmåtar for UH-folk frå heile landet.

Tilsette og andre med tilknytning til Nynorsksenteret har lagt fram resultat frå arbeida våre på fagkonferansar i både inn- og utland. Dette gjeld i første rekke arbeid som er direkte finansierte av Nynorsksenteret, men òg presentasjonar av resultat frå utviklingsarbeid der tilsette ved Nynorsksenteret har vore fagleg involverte på eitt eller anna vis. Sidan 2009 gjeld dette sju innlegg på til saman fem internasjonale konferansar og ti innlegg på nasjonale/regionale fagkonferansar.

### **Nettverksamlingar**

Etterutdanning for lærarar og barnehagetilsette er i utgangspunktet eit UH-ansvar. Kvart år seier vi likevel ja til nokre førespurnader om kurs. Vi prioriterer då samlingar med brei deltaking, med fagdagar eller nettverksamlingar på regionnivå som typiske døme. Der er det gjerne samla norsklærarar frå mange kommunar, noko som gjer at vi får god spreingseffekt – i alle fall i teorien.

Når Nynorsksenteret får slike spørsmål om vi kan kome for å presentere ressursane våre og gi tips om god hovudmåls- eller sidemålsundervising, er dette høve vi grip med godt samvit. Vi veit at dersom vi avslår med grunngjeving om at dette må norskilmjøet ved næraste UH-institusjon ta seg av, er resultatet truleg at ingen der har den aktuelle kompetansen og at det dermed blir eit anna tema på samlinga det året.

På den eine sida ville det ideelle vere om vi kunne konsentrere oss om å auke kompetansen i UH-sektoren slik at lærarutdannarane kunne drive denne etterutdanninga i og om nynorsk sjølve. Det er også einaste realistiske måten å dekke

---

<sup>9</sup> Høgskulen i Volda, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Høgskolen i Bergen, Høgskulen Stord/Haugesund og Universitetet i Bergen. Sjå også [www.uhnettvest.no](http://www.uhnettvest.no)

heile landet på. På den andre sida er det viktig for oss å behalde den direkte kontakten med grasrota (dvs. lærarar og barnehagetilsette) som vi får på slike samlingar. Det er ved førstehands møte og diskusjon vi får tilbakemelding om kva som fungerer og ikkje fungerer og om kva reaksjonar elevar og barnehageborn har i møte med ulike tilnærmingar til nynorsk tekst og tale.

I tillegg til kursdagar der vi har blitt invitert direkte for å snakke om god nynorsk-undervising, har vi også hatt fast plass i programmet på Ny Giv-samlingane. Der har temaet vore bruk av nynorske teikneseriar i norskundervisinga.

### **Avhandlingar**

Nynorsksenteret har for tida ein medarbeidar tilsett i stipendiatstilling. Ho arbeider med ei avhandling om fagskriving i samfunnsfag for elevar med nynorsk som hovudmål, og skal etter planen vere ferdig i 2015.<sup>10</sup> I tillegg var ein annan stipendiat engasjert fram til desember 2011. Hennar tema er sidemålsundervising i den vidaregåande skulen.<sup>11</sup> Vedkomande er no tilsett i fast undervisningsstilling ved lærarutdanninga, Høgskulen i Volda.

Desse engasjementa var og er «etterslep» frå tida før innskjerpinga av grenseoppgangen mellom dei nasjonale sentera sine mandat og UH-sektoren sine oppgåver. Det er ikkje aktuelt for Nynorsksenteret å engasjere fleire stipendiatar, men det er likevel ein ressurs å ha dei i miljøet. Både sjølve prosjekta og den generelle forskarkompetansen er med på å heve kunnskapen om aktuelle tema og tilnæringsmåtar.

Det kan også nemnast at ein tredje tilsett ved Nynorsksenteret er i ferd med å avslutte ei doktoravhandling.<sup>12</sup> Temaet her er skrivestrategiar blant ungdom. Dette er også eit tema som er relevant for våre arbeidsoppgåver.

Det er sterkt understreka i oppdragsbrevet at dei nasjonale sentera ikkje skal drive med eiga forskning, og slik sett er aktiviteten knytt til desse tre avhandlingane litt «på sida» av mandatet vårt. På en andre sida kan ein sjå på desse arbeida som gode bidrag til å «sikre kompetanse på høgt nivå på området nynorsk i opplæringa», og dermed vere med på å oppfylle målsetjinga i denne delen av tiltaksplanen.

---

<sup>10</sup> Pernille Fiskerstrand: *Språkbruk og bruksspråk - nynorsk i samfunnsfag* (Universitetet i Bergen)

<sup>11</sup> Kristin Kibsgaard Sjøhelle: *Ein studie av sidemålsundervising med nynorsk som bruksspråk i nye kontekstar* (Universitetet i Oslo). Planlagt disputas i 2014.

<sup>12</sup> Gudrun Kløve Juuhl: *Skrivestrategiar i digitale tekstar av ungdom i og utanfor institusjonaliserte læringsmiljø*. (Universitetet i Oslo/Høgskolen i Vestfold). Planlagt levert hausten 2013. Arbeidet med denne avhandlinga har vore eksternt finansiert.

# Vedlegg

## VEDLEGG 1

### Tiltaksplanen – revidert utgåve 2011

#### Innleiing

Grunnlaget for tiltaksplanen for Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa er Stortingsmelding nr. 23, *Språk bygger broer* (2007–2008), der det i punkt 4.2.1 står:

*«Departementet vil styrke nynorsk i opplæringen gjennom en tiltaksplan knyttet til Nynorsksenteret med hovedområdene*

- *nynorsk i hverdagen for barn og unge i barnehage og skole*
- *nynorskopplæring som er motiverende og gir bedre læringsutbytte*
- *kompetanseutvikling i nynorsk for lærere og førskolelærere*
- *bedre kunnskapsgrunnlag om nynorskopplæringen gjennom statistikk og forskning»*

I Stortingsmelding nr. 23 er det sagt at Kunnskapsdepartementet vil gå gjennom mandata og utviklingsoppgåvene til dei nasjonale sentra som er involverte i norskfaget og mellom anna drøfte korleis ein på beste måte kan ta vare på heilskapen i norskopplæringa.

Det er viktig at Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa vert involvert i alle samanhengar der norskopplæringa vert tematisert. Tiltaksplanen for Nynorsksenteret skal ta vare på nynorskopplæringa og peike på nye tiltak som må gjerast for å oppfylle punkta i stortingsmeldinga.

Nynorsk er ein del av norskopplæringa for dei aller fleste elevar i grunnopplæringa. Det er over 80 000 elevar i grunnskulen som har nynorsk som hovudmål, og om lag 500 000 elevar som skal lære nynorsk som sidemål.

Norskopplæring med to målformer har ein hatt i over hundre år i Noreg, men det finst lite forskning på nynorskopplæringa. Derfor vil Nynorsksenteret setje i gang prosjekt der elevar med nynorsk som hovudmål får særleg merksemd og oppfølging. I tillegg vil ein setje i gang eit større prosjekt, som vert drive over fleire år, der elevar med nynorsk som sidemål brukar nynorsk som arbeidsspråk i eit anna fag enn norsk.

I Læreplan for Kunnskapsløftet 2006 er grunnleggjande ferdigheiter i lesing og skriving integrerte i kompetansemåla i alle fag. Elevar skal ha opplæring i grunnleggjande ferdigheiter både på nynorsk og bokmål. Leseferdigheitene blir no målt i Nasjonale leseprøver med tekster på begge målformene. Kompetansen til læraren er avgjerande for kva elevane lærer i norskfaget og i kva grad dei kan tileigne seg grunnleggjande ferdigheiter i lesing og skriving i alle fag. Derfor er det viktig at lærarane i heile grunnskulen har relevant kompetanse for å kunne undervise i nynorsk. I mandatet til Nynorsksenteret står det at senteret skal ta initiativ til og gjennomføre kvalitetsutviklingstiltak knytte til fagdidaktisk verksemd i samarbeid med skuleeigarar og uh-sektoren/lærarutdanninga. Senteret skal støtte høgskular og universitet i deira innsats for å realisere den nasjonale utdanningspolitikken innan ansvarsområdet sitt.

# 1. Barnehage

## **Mål:**

Nynorske tekster skal formidlast til barn i alle barnehagar

## **Grunngjeving:**

St.meld. nr. 23 *Språk bygger broer* (4.2.1)

*«Departementet vil styrke nynorskopplæringen gjennom en tiltaksplan knyttet til Nynorsksenteret med hovedområdene:*

- *nynorsk i hverdagen for barn og unge i barnehage og skole»*

Styringsdokument: *Rammeplan for barnehagen*

Del 2 Innholdet i barnehagen

*«Barnehagen skal sjå omsorg og oppseding, leik, læring og sosial og språkompetanse i samanheng. Barnehagen skal vere ein kulturarena der barn er medskapar av eigen kultur.»*

3.1 Kommunikasjon, språk og tekst

*«Gjennom arbeidet med kommunikasjon, språk og tekst skal barnehagen bidra til at barna*

- *bruger språket for å uttrykkje kjensler, ønske og erfaring (...)*
- *styrkjer den kulturelle identiteten sin og det personlege uttrykket»*

## **Tiltak**

Setje i gang FoU-prosjekt for nynorsk språkstimulering i barnehagen og utvikle digitale ressursar til bruk for pedagogisk personale i leik og læring på nynorsk for barn

## **Ansvarleg aktør**

Nynorsksenteret

## **Samarbeidspartnarar**

Nasjonale senter

## **Tidsplan**

2009–2012

## 2. Barnetrinn

### Mål

Elevane skal oppleve at nynorsk er ein del av moderne norsk språk og eit viktig grunnlag for deira språklege og kulturelle identitet.

### Grunngjeving

Læreplanverket for Kunnskapsløftet 06.

Kompetansemål i norsk etter 4. årstrinn:

*«... eleven skal kunne samtale om et utvalg sanger, regler, dikt, fortellinger og eventyr fra fortid og nåtid på bokmål, nynorsk og i oversettelse fra samisk og andre kulturer»*

Kompetansemål i norsk etter 7. årstrinn:

*«... eleven skal kunne lese et mangfold av tekster i ulike sjangrer og av ulik kompleksitet på bokmål og nynorsk (...) eksperimentere med ulike språkvarianter i egen skriving på bokmål og nynorsk, dialekt og gruppespråk»*

St.meld.nr.23, Språk bygger broer, 4.2.

*«Departementet legger vekt på at bred språkkompetanse har verdi i seg selv. (...) Elever som mestrer både nynorsk og bokmål, kan veksle mellom målformene i forskjellige kommunikasjonssammenhenger. En forutsetning for å utvikle et språk muntlig og skriftlig er imidlertid at eleven møter språket i mange ulike sammenhenger. (...) Departementet ønsker derfor å legge til rette for at barn og unge skal få mulighet til å etablere en sikrere identitet, kulturelt og språklig, og at nynorsk skal bli en mer naturlig del av den språklige hverdagen for barn og unge i barnhage og skole.»*

### Tiltak

Setje i gang prosjekt for utprøving av tidleg start med nynorskopplæring i lesing og skriving for elevar med bokmål som opplæringsmål.

(NB! Prosjekt for elevar med nynorsk som hovudmål, sjå under ungdomstrinn og vidaregåande skule.)

### Ansvarleg aktør

Nynorsksenteret

### Samarbeidspartnarar

Nasjonale senter

### Tidsplan

2009–2012

### 3. Ungdomstrinn og vgs.

#### **Mål**

Elevane skal utvikle god kompetanse i å uttrykkje seg skriftleg på nynorsk i alle sjantrar, og tileigne seg grunnleggjande ferdigheiter i lesing og skriving.

#### **Grunngjeving**

Ifølgje rapporten *Kunnskapsløftet – tung bør å bære* er det behov for samarbeid på tvers av fag for å kunne lykkast i å utvikle dei grunnleggjande ferdigheitene.

St.meld. nr. 23, *Språk bygger broer*, 4.2:

- «*barn og unge skal få muligheter til å utvikle en sikrere identitet, kulturelt og språklig, og at nynorsk blir en naturleg del av den språklige hverdagen for barn og unge*»
- «*Det er derfor viktig med intensivert innsats og et bredt engasjement for å bedre nynorskopplæringen*»

#### **Tiltak**

##### **For elevar med bokmål som hovudmål:**

Setje i gang prosjekt der elevane brukar lærebøker og læringsressursar på nynorsk i eit anna fag enn norsk. Prosjektet skal vere treårig og gjennomførast på fem skular.

##### **For elevar med nynorsk som hovudmål:**

Setje i gang prosjekt med vekt på skriving i alle fag. Prosjektet skal vere treårig og gjennomførast i fleire område med nynorsk som hovudmål.

#### **Ansvarleg aktør**

Nynorsksenteret

#### **Samarbeidspartnarar**

Nasjonale senter

#### **Tidsplan**

2009–2012



## 4. Yrkesfag

### **Mål**

Elevane med nynorsk som hovudmål i yrkesfaglege utdanningsprogram skal ha læremiddel, læringsressursar og lærarar med kompetanse i nynorsk språk som gjer det mogleg for elevane å utvikle eit godt og relevant nynorsk fagspråk slik at dei kan bli trygge språkbrukarar i framtidig yrkesliv.

### **Grunngjeving**

Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2006:

Kompetansemål i norsk etter vg1 (fellesfag):

*«Mål for opplæringen er at eleven skal kunne mestre ulike skriverroller som finnes i skolens offentlighet og i samfunns- og arbeidsliv»*

### **Tiltak**

- Gjere fagtekster på nynorsk tilgjengelege for bruk i opplæringa
- Formidle nettbaserte eksempel på nynorsk som brukspråk i arbeidslivet

### **Ansvarleg aktør**

Nynorsksenteret

### **Samarbeidspartnarar**

Nasjonale senter

### **Tidplan**

2009–2012

## 5. Språklege minoritetar

### **Mål**

Elevlar med minoritetsspråkleg bakgrunn skal få god og tilpassa opplæring i nynorsk som sidemål slik at flest mogleg kan få norskfagleg kompetanse på lik linje med elevlar med norsk som morsmål

### **Grunngjeving**

St.meld. 35 (2007–2008) *Mål og meining*:

*«Heller ikkje i skulen må fritaksretten framstillast eller praktiserast slik at han riv grunnen vekk under den retten alle elevlar må ha – også dei med minoritetsspråkleg bakgrunn – til å få opplæring og vurdering i begge dei norske målformene.»*

### **Tiltak**

- I samarbeid med Nasjonalt senter for flerkulturell opplæring sikre digitale ressursar på nynorsk til bruk for lærarar som underviser etter læreplan i grunnleggende norsk for språklige minoriteter og i grunnopplæringa
- Utvikle støttemateriell for opplæring i nynorsk som sidemål for elevlar med minoritetsspråkleg bakgrunn

### **Ansvarleg aktør**

Nynorsksenteret

### **Samarbeidspartnarar**

Nasjonale senter

### **Tidsplan**

2009–2012

## 6. UH-sektoren

### **Mål**

Senteret skal bidra i utviklingsarbeid som sikrer kompetanse på høgt nivå på området nynorsk i grunnopplæringa.

### **Grunngjeving**

St.meld. nr. 23 Språk bygger broer. 4.2.1:

*«Departementet vil styrke nynorsk i opplæringen gjennom en tiltaksplan knyttet til Nynorsksenteret med hovedområdene*

- *kompetanseutvikling i nynorsk for lærere og førskolelærere*
- *bedre kunnskapsgrunnlag om nynorskopplæringen gjennom statistikk og forskning»*

*«Fordi det finnes lite kunnskap om opplæringen i nynorsk i skolen, er det behov for styrket forskningsinnsats på dette området.»*

(St. meld. nr. 23, 4.2.1)

I St.meld. nr. 11 (2008–2009) *Læreren – Rollen og utdanningen*, er det lagt fram forslag om at norsk ikkje lenger skal vere obligatorisk fag i lærarutdanninga.

Dersom dette vert vedteke, vert det behov for at lærarar som skal utdannast for å undervise på 5.–10. årssteg må få opplæring til å vere lese- og skrivelærarar i alle fag, både på nynorsk og bokmål.

### **Tiltak**

- Styrking av samarbeidet om utviklingsoppgåver med lokale, regionale og nasjonale instansar og med fagmiljø på nasjonalt og internasjonalt plan for å styrkje kunnskapsgrunnlaget for nynorskopplæringa
- Formidle oppdatert forskning til sektoren
- Bidra til arbeid som sikrer god kvalitet i etter- og vidareutdanninga av norsklærarar

### **Ansvarleg aktør**

Nynorsksenteret

### **Samarbeidspartnarar**

Nasjonale senter, Nettverk for kompetanseheving, uh-sektoren

### **Tidsplan**

2009–2012

## VEDLEGG 2

### Seminar og konferansar

Samarbeidspartnarane våre har ei geografisk spreiding over store delar av landet. For å lykkast i å skaffe oss ei felles retning på samarbeidet, har vi med faste mellomrom samla skulane og barnehagane til seminar og konferansar. Nynorsksenteret har heilt frå oppstarten sett tiltaksplanen som eit høve til å kurse både oss sjølve og prosjektskulane i korleis drive gode utviklingsprosjekt.

Under følgjer ei oversikt over dei seminara og konferansane som Nynorsksenteret har arrangert i planperioden:

#### **Hausten 2009 «Føll i teori og praksis»**

Volda, 22.- 23. oktober 2009

Til dette seminaret engasjerte Nynorsksenteret dyktige fagpersonar til å førelese og leie faglege aktivitetar blant seminardeltakarane. Professor May Britt Postholm ved NTNU var med som fagleg leiar begge dagane, og doktorgradsstipendiat Anne Kristine Øgreid føreleste om skrivning i alle fag og leia arbeidet med elevtekstar.

#### **Våren 2010: «Nynorskkonferansen 2010 – Skrivning og lesing for ungdomsskulen og vidaregåande trinn»**

Trondheim, 22. april 2010

Konferansen var eit samarbeid mellom den nyskipa Skrivesenteret i Trondheim og Nynorsksenteret. Innleiarar var stipendiat ved Nynorsksenteret, Kristin Kibsgaard Sjøhelle, som fortalte frå arbeidet sitt med nynorsk som sidemål i vidaregåande skule, professor Jon Smidt frå Høgskulen i Sør-Trøndelag føreleste om skrivning som grunnleggjande ferdigheit og utfordring – for elevar og for lærarar i alle fag, medan Torill Tørjesen og Pål Wiik frå Oslo voksenopplæringsssenter fortalte om side erfaringar med nynorsk litteratur for ungdomsskulen og den vidaregåande skulen.

#### **Hausten 2010 «Nynorsk i barnehagen»**

Bergen, 21. september 2010

[Nynorsk i barnehagen]

Sigrun Meisingset, førstelektor ved avdeling for kulturfag ved Høgskulen i Volda føreleste om «*Gi orda liv! Oppleving og forståing av tekster*», medan førsteamanuensis Ingeborg Mjør frå Høgskulen i Bergen leia ei økt om «*Språkstimulering i barnehagen. Korleis inkludere nynorsk?*». Musikkpedagog Bergljot Lyssand Bjørlo introduserte prosjektbarnehagane til arbeid med nynorske songar i barnehagen.

#### **Hausten 2010 «Å skrive for ulike føremål»**

Volda, 27.-28. september 2010

[Nynorske lærebøker] [Skriving i alle fag]

Førsteamanuensis Marianne Ødegaard, Naturfagsenteret, UiO heldt innlegget *Med "Forskerføtter og leserøtter" Gjer det! Sei det! Les det! Skriv det!*, medan professor Torlaug Løkensgard Hoel føreleste om skrivning som grunnlag for dokumentasjon og refleksjon i FoU-arbeidet.

### **Våren 2011 «Nynorskkonferansen 2011 – Elevteksten på nye spor»**

Lillehammer 6. april 2011

[Nynorske lærebøker] [Skrijving i alle fag]

Til denne konferansen inviterte vi Anne Løvland frå Universitetet i Agder til å snakke om «*Multimodalitet, lesing og læring*», Liv Marie Sørjordet Schou frå St Hallvard vgs i Drammen og Kristin Kibsgaard Sjøhelle, stipendiat ved Nynorsksenteret, til å fortelje om bruken av sosiale medium i nynorskopplæringa. I tillegg fekk nokre av prosjektskulane presentere arbeida sine for eit breiare publikum.

### **Hausten 2011 «Nynorsk for dei minste»**

Bergen, 25. oktober 2011

[Nynorsk i barnehagen] [Nynorsk frå skulestart]

Lila Marie Moberg, førstelektor ved Høgskulen i Volda på seksjon for medium og kommunikasjonsteknologi, viste i føredraget «*Flekkmonsteret – Utvikling av ei fotoforteljing*» korleis arbeid med foto kan fungere som språkstimulering i barnehage og skule, medan Gro Ulland, lektor ved avdeling for lærarutdanning, Høgskolen i Bergen gjennom innlegget «*Følelser i bilder og fornuft i dialog*» føreleste om dialogisk høgtlesing og samtale med unge lesarar.

### **Vinteren 2012 Arbeidsseminar**

Gardermoen 20.-21. mars 2012

[Nynorske lærebøker] [Skrijving i alle fag]

Toril Sjø frå Universitetet i Oslo hadde heildagsseminar om «*Aktivt arbeid med tekst*», der ho på ulike måtar viste korleis ein kan jobbe med nynorske tekstar i skulen. Elles var seminaret lagt opp som ein work-shop der dei ulike prosjektskulane presenterte arbeidet sitt for kvarandre.

### **Hausten 2012 «Nynorskkonferansen 2012 – Tospråk og danning»**

Oslo, 25.-26. oktober 2012

[Nynorske lærebøker] [Skrijving i alle fag]

Denne konferansen blei halden saman med Språkrådet og nedslagsfeltet var derfor mykje vidare enn prosjektskulane. Alle skulane var likevel inviterte og delar av dei to dagane var sette av til å presentere prosjektarbeida for eit større publikum. Sjå elles eige særtrykk for konferanseinnlegga<sup>13</sup>.

### **Hausten 2012 «Leseoppleving og leseutvikling»**

Bergen 22. november 2012

[Nynorsk i barnehagen] [Nynorsk frå skulestart]

Gro Ulland, Lektor ved Høgskolen i Bergen, avdeling for lærerutdanning, føreleste under tittelen «*Dronninger bestemmer jo ofte ting*» om førforståing og ordforråd hos unge lesarar, medan Erna Osland fortalte om korleis fagbøker kan brukast i barnehage og skule.

---

<sup>13</sup> <http://issuu.com/arildto/docs/nynorskopplering17?mode=window&backgroundcolor=%23222222>  
<http://www.nynorsksenteret.no/konferanse2012>

### **Våren 2013 «Sluttseminar for Tiltaksplanen / Nynorskkonferansen 2013»**

Bergen, 18.-19. april 2013

[Nynorske lærebøker] [Skriving i alle fag] [Nynorsk i barnehagen] [Nynorsk frå skulestart]

Denne samlinga var delt i to. Første dag var eit seminar der prosjektskulane frå dei ulike delane av tiltaksplanen delte erfaringane sine med kvarandre. Vi fekk òg viktige innspel til sluttrapporten. Andre dag var ein open konferanse med innlegg frå skuleforskarane Hilde Traavik og Benthe Kolberg Jansson og deira røynsler frå tidleg start med nynorsk som sidemål. Berit W Bjørlo føreleste om lærarutdanning og nynorsk. Karen Marie Kvaale Garthus fortalte om Målstreken<sup>14</sup>, medan Mila Vulchanova frå NTNU fortalte om resultatane sine frå forskning på kognitive eigenskapar hos tospråklege generelt og nynorsk/bokmålsbrukarar spesielt.

---

<sup>14</sup> Sjå eigen omtale i Del 3

## Vedlegg 3

### Utdrag frå brev med førespegla rammer for samarbeida

#### Barnehage

Volda, onsdag, 2.juni 2010

Her er forslag på bokpakkar, der de kan velje etter aldersgruppe. De finn omtale av bøkene på [www.blamannbok.no](http://www.blamannbok.no) Når de skal bestille kan de ta direkte kontakt med Blåmann barnebokklubb på e-post [erle@blamannbok.no](mailto:erle@blamannbok.no) eller på tlf: 48319258. Om de har høve til det er det fint om de kan gjere bestillingar innan 22.juni.

Alternativ 1: Bøker for barn 3-6 år	Alt 2: Bøker for barn 1-3 år
<b>Litteratur:</b> Les for meg Spelejenta, Jon Fosse Ballongmamma av Sigrid Sandberg Meløy Jakob og Neikob av Kari Stai Lilla Himmelspringar av Sissel Horndal Torbjørn Isbjørn av Titus Kodzoman Frosken og den spesielle dagen av Max Velthuis Frosken er redd av Max Velthuis Forelska! av Rebecca Dautremer Bestevenner av Manuela Olten Revehiet barnehage av Siv Widerberg Liten-på-jord-Tor, Annette Huber Gabba gabba-hey av Frode Grytten	Les for meg Bø og Bæ i skogen av Lena Landstrøm Bø og Bæ får besøk av Lena Landstrøm Bø og Bæ dukker Bella i barnehagen av Barbro Lindgren Jakob og Neikob av Kari Stai Frosken og den spesielle dagen av Max Velthuis Frosken er redd av Max Velthuis Det store spørsmålet, Mangschou forlag Mamma er best av Bjørk Bjarkadottir Pappa er best av Bjørk Bjarkadottir Pablo møter naboane av Hannah Gifford Prikk og Flekk på prikknikk av Lotta Geffenblad Mine små leksikon: På hjul av Francoise Vibert-Guigue
<b>Songbok:</b> Songbok for deg og meg av Odd Nordstoga	<b>Songbok:</b> Songbok for deg og meg av Odd Nordstoga
<b>Dikt:</b> På ein krakk på ein stol av Solfrid Syvertsen Når Tussalussi kviskrar, Olav H. Hauge	
<b>Lydbok:</b> Frosken og vennene hans av Max Velthuis	<b>Lydbok:</b> Frosken og vennene hans av Max Velthuis

## **Nynorsk frå skulestart**

Volda, måndag 15.aug 2011

### **Forventningar til skulen**

Vi ønskjer at prosjektet skal verte ein integrert del av arbeidet ved skulen, og at leiinga ved skulen tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført, ved at prosjektansvarleg får tid til å administrere prosjektet. Vi bed om at de sender ein plan for prosjektet. Frist for innsending av planen er 1. september 2011. Vi vil følgje opp prosjektet gjennom eit spørjeskjema i november 2011, og eit nytt i april 2012. Slik håpar vi å plukke opp gode idear som vi på ulike måtar kan formidle vidare.

### **Tidleg start**

#### ***– nynorsk for elevar med bokmål som opplæringspråk i grunnskulen***

Volda, tysdag, 30. november 2010

### **Tilbod frå Nynorsksenteret**

Vi står for finansiering av ein bokpakke sett saman av nynorsk skjønn- og faglitteratur for born. Vi vil kome med råd og innspel om kva som bør kjøpast inn. I tillegg får elevane abonnement på Norsk Barneblad i prosjektperioden.

### **Krav til samarbeidsskulen**

Det er viktig at prosjektet på sikt blir ein del av dei lokale læreplanane ved skulen. Utviklingsarbeid er avhengig av refleksjon. Vi ønskjer derfor at dei involverte lærarane skriv logg undervegs der dei reflekterer over arbeidet og vala dei gjer. Vi er klare for innspel på korleis dette kan gjerast enklast mogleg.

Vi ønskjer tilbakemelding på om de tek imot tilbodet innan 15. desember. Er noko uklart er det fint om de tek



## **Skriving i alle fag**

Volda, 2.juni. 2010

### **I Bakgrunn.**

FoU-prosjekt – Skriveopplæring i alle fag for elevar med nynorsk som hovudmål på ungdomstrinnet og i vidaregåande skole.

Norskopplæring med to målformer har ein hatt i over hundre år i Noreg, men det finst lite forskning på nynorskopplæringa. Derfor vil Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa setje i gang prosjekt med fokus på skriveopplæring i alle fag. Skular med elevar på ungdomstrinnet eller vidaregåande trinn med nynorsk som opplæringsmål kan vere med på prosjektet.

Prosjektskulane får ressursar til innkjøp av bøker/læremiddel på nynorsk, frikjøp av tid til leiing og høve til å vere med på seminar og kurs i regi av Nynorsksenteret.

Frå Tiltaksplanen til Nynorsksenteret: "For elevar med nynorsk som hovudmål: Setje i gang

prosjekt med følgjeforskning med fokus på skriveopplæring i alle fag. Prosjektet skal vere treårig, og gjennomført i fleire område med nynorsk som hovudmål, til dømes Sogndal, Ørsta, Lom."

Bakgrunn: I følgje rapporten *Kunnskapsløftet – tung bør å bære*<sup>15</sup> er det behov for samarbeid på tvers av fag for å kunne lykkast i å utvikle dei grunnleggjande ferdigheitene. Dei nasjonale prøvene i lesing og skriving skal dokumentere ferdigheiter på tvers av fag. I dag inneheld alle dei nasjonale leseprøvene på åttande årssteg tekstar på både bokmål og nynorsk.

Mål med prosjektet:

Elevane skal utvikle god kompetanse i å uttrykke seg skriftleg på nynorsk gjennom bruk av læremiddel og læringsressursar på nynorsk i fleire fag.

Målet gjeld både elevar med nynorsk som hovudmål og elevar med nynorsk som sidemål.

Nynorsksenteret ønskjer å undersøkje korleis arbeid med skriveopplæring i alle fag for elevar med nynorsk som hovudmål kan vere med på å styrkje dei grunnleggjande ferdigheitene lesing og skriving. Vi ønskjer å undersøkje om arbeid med skriveopplæring i alle fag kan vere med å påverke språkkompetansen i norskfaget, jamfør kompetansemåla i norsk (sjå vedlegg 3), der bokmål og nynorsk er likestilte. Vi ønskjer også å undersøkje om arbeid med nynorsk som fagspråk kan vere med og styrkje elevane sin generelle språkkompetanse og om dette kan føre til styrking av språkleg sjølvkjensle.

Gransking av kva vilkår som må oppfyllest for at elevar med nynorsk som hovudmål skal kunne halde fram å skrive nynorsk etter at dei er ferdige med grunnopplæringa, er også eit område det finst lite kunnskap om og som det er stort behov for kartlegging av og forskning på.

### **II Rammer, forventningar og ressursar**

Prosjektet startar opp hausten 2010.

**Rammer for FoU-prosjektet (jf. bakgrunn og mål):**

---

<sup>15</sup> Rapport 42/209 frå NIFU STEP, Frøydis Hertzberg

- Elevane skal utvikle god kompetanse i å uttrykke seg skriftleg på nynorsk i fleire fag gjennom aktiv bruk av nynorske læremiddel og læringsressursar.
- For å styrkje dei grunnleggjande ferdigheitene i skriving av nynorske tekstar i alle fag, er det viktig at det vert nytta gode nynorske modelltekstar som grunnlag både når elevane skal lese og skrive for å lære fag, og når dei skal produsere eigne tekstar i faget.
- Eitt av måla med prosjektet er å heve den skriftlege kompetansen i nynorsk i alle fag. For å synleggjere læringsutbyttet av FoU-prosjektet er det derfor ønskeleg med samarbeid mellom to eller fleire fag.

#### **Forventningar til FoU-skulen:**

- Det er viktig at FoU-prosjektet blir ein del av dei lokale læreplanane ved skulen. Nynorsksenteret bed om at prosjektleiar saman med rektor sender oss utkast til ein årsplan for arbeidet med FoU-prosjektet ved skulen.
- FoU-prosjektet skal gi oss erfaringar og nye kunnskapar om nynorskopplæring og må derfor dokumenterast og vurderast. Utviklingsarbeid er avhengig av kontinuerleg refleksjon og vurdering. Det er derfor avgjerande at lærarane som har ansvar for FoU-prosjektet, skriv logg undervegs der dei kjem med vurdering av arbeidet og grunngjeving av vala dei til ei kvar tid gjer. Denne skriftlege dokumentasjonen blir utgangspunkt for utviklingssamtalar på webmøte og samlingar som Nynorsksenteret har ansvar for. I tillegg skriv prosjektleiaren ein årleg rapport som skal leverast Nynorsksenteret i slutten av kvart vårsemester og ein sluttrapport med rekneskap, der Fou-prosjektet blir evaluert. Rapportskjema vil vere tilgjengeleg på nettsida vår. Rapporten og rekneskapen skal skrivast under av rektor og fagansvarleg.
- FoU-arbeidet er avhengig av at skulen legg til rette for at prosjektleiaren får tid til å organisere og drive prosjektet.
- Vi gjer merksam på at prosjektet skal vere treårig, men at de må sende inn søknaden på nytt for kvart av dei tre prosjektåra. Dette fordi Nynorsksenteret berre får årlege tildelingar.

#### **Ressursar frå Nynorsksenteret:**

- Nynorsksenteret dekkjer utgifter til innkjøp av lærebøker som er relevante for FoU-prosjektet.
- Nynorsksenteret kan halde kurs i bruk av nynorske læremiddel og læringsressursar
- Prosjektleiar får tilskot til frikjøp av tid til leing.
- Prosjektleiar og lærarar som er med på FoU-prosjektet, får i prosjektperioden i tillegg tilbod om dekte utgifter til oppstartseminar hausten 2010, og til kurs og samlingar i regi av Nynorsksenteret.

### **III**

#### **Aktuelle kompetansemål:**

Kompetansemål i norsk etter 10.årstrinn:

«...eleven skal kunne

- lese og skrive tekster i ulike sjangere, både skjønnlitterære og sakspregede på bokmål og nynorsk (...)
- uttrykke seg presist og med et variert og nyansert ordforråd i ulike typer tekster på bokmål og nynorsk
- forklare bakgrunnen for at det er to likestilte norske skriftspråk og gjøre rede for språkdebatt og språklig variasjon i Norge i dag»

#### **Grunnleggjande ferdigheiter i skriving:**

Å arbeide med skriveopplæring i alle fag er å arbeide med ein nøkkelkompetanse for læring. I boka *Å skrive i alle fag* seier Rutt Trøite Lorentzen at skrivinga må opplevast som viktig og meningsfull her og no; skrivinga må ha eit *formål*. Lærarane må ha eit reelt formål klart for seg og elevane må kjenne at dei skriv fordi det er ein grunn til å skrive, fordi dei gjennom å skrive får gitt uttrykk for noko dei har interesse for og ønskjer å dele med andre, og fordi nokon er interessert i det dei skriv (Smidt 2008:9).

#### **Skriving som grunnleggjande ferdigheit er omtala slik i Læreplanen for Kunnskapsløftet:**

Frå: Om grunnleggjande ferdigheiter i naturfag:

*Å kunne uttrykke seg muntlig og skriftlig i naturfag innebærer å presentere og beskrive egne opplevelser og observasjoner fra naturen. I naturfag er skriftlige rapporter fra eksperimenter, feltarbeid, ekskursjoner og fra teknologiske utviklingsprosesser sentrale. Å kunne formulere spørsmål og hypoteser og å bruke naturfaglige begreper og uttrykksformer inngår i dette. Å argumentere for egne vurderinger og gi konstruktive tilbakemeldinger er viktig i naturfag.*

Frå: Om grunnleggjande ferdigheiter i samfunnsfag:

*Å kunne uttrykke seg munnleg og skriftleg i samfunnsfag inneber å fortelje om hendingar i fortida og samtida, å greie ut om stader og fakta og å bruke definisjonar, omgrep og faguttrykk til å forklare årsaker og verknader knytte til samfunn og kultur. Det inneber å kunne presentere resultat av eige arbeid tydeleg og forståeleg for andre, og å kunne samtale om sine egne og andre sine presentasjonar. Skriftleg og munnleg uttrykksevne vil seie å kunne reflektere over meningsinnhaldet i tekstar, bilete, film og gjenstandar, og å kunne samanlikne, argumentere og drøfte verdier i informasjon og kjelder, i hypotesar og i modellar.*

Frå: Om grunnleggjande ferdigheiter i norsk:

*Å kunne uttrykke seg skriftlig i norsk er også et ansvarsområde i norskfaget, fra den første skriveopplæringen til den videre skriveopplæringen gjennom 13 år. Skriftligheten i samfunnet er økende, ikke minst gjennom utviklingen av digitale kommunikasjonsformer, og kravet til å mestre skriftlig framstilling i ulike sjangere har blitt større. Skriving er en måte å utvikle og strukturere ideer og tanker på, men det er også en kommunikasjonsform og en metode for å lære.*

Frå: Om grunnleggjande ferdigheiter i matematikk:

*Å kunne uttrykke seg skriftleg i matematikk inneber å løyse problem ved hjelp av matematikk, beskrive og forklare ein tankegang og setje ord på oppdagingar og idear. Ein lagar teikningar, skisser, figurar, tabellar og diagram. I tillegg nyttar ein matematiske symbol og det formelle språket i faget.*

Frå: Om grunnleggjande ferdigheiter i kunst og handverk:

*Å kunne uttrykke seg skriftlig i kunst og håndverk innebærer blant annet å uttrykke seg visuelt ved hjelp av tegn og symboler. Utvikling av skriftlig og visuell kompetanse skjer ved å omsette fakta, ideer og holdninger til tegn. For å opprettholde den visuelle ferdigheten parallelt med utviklingen av skriveferdigheten er bevisst og allsidig arbeid med tegning like viktig på alle trinn.*

Frå: Om grunnleggjande ferdigheiter i RLE:

*Å kunne uttrykke seg skriftlig i RLE innebærer å kunne uttrykke kunnskaper om og synspunkter på religion og livssyn, etikk og filosofi. Skrivning klargjør tanker, erfaringer og meninger og er en hjelp til å tolke, argumentere og kommunisere. Skrivning i RLE innebærer også å møte ulike estetiske skriftuttrykk og gjøre bruk av dem.*

Frå: Om grunnleggjande ferdigheiter i Mat og helse:

*Å kunne uttrykke seg munnleg og skriftleg i mat og helse kan vere å gjere greie for smak, lukt og estetikk. Innsikt i fagstoff er knytt til munnlege presentasjonar og skriftleg arbeid. I samband med måltidssituasjonar blir kommunikasjon gjennom samtalar viktig. Munnlege ferdigheiter i faget mat og helse er knytte til det å gjere greie for praktiske problem og formulere spørsmål, og til det å argumentere og kommunisere idear i faget i samtale med andre. Skriftlege ferdigheiter kan vere å skrive egne oppskrifter og framgangsmåtar, lage invitasjonar og illustrasjonar og vurdere aktivitetar.*

Frå: Om grunnleggjande ferdigheiter i musikk:

*Å kunne uttrykke seg skriftlig i musikk innebærer blant annet bruk av ulike former for notasjon. Dette er nødvendige verktøy både som støtte til musikalske forløp, som ledd i improvisasjons- og lytteøvelser og for å kunne nedtegne og ta vare på egenkomponert musikk og dans. Skrivning benyttes også til å eksperimentere med språklig rim, rytme og klang og til å formidle musikalske opplevelser, ideer og formuttrykk og å reflektere over kunnskap i faget.*

# Lærebøker og læringsressursar på nynorsk i eit anna fag enn norsk

Volda, onsdag, 28. april 2010

## **I Rammer, forventningar og ressursar**

### **Rammer for FoU-prosjektet (jf. bakgrunn og mål)**

- For å styrkje dei grunnleggjande ferdigheitene i lesing og skrivning, er det viktig at lærebøkene på nynorsk i eit anna fag enn norsk vert nytta som grunnlag både når elevane skal tileigne seg strategiar for lesing og skrivning for å lære, og når dei skal produsere egne tekstar i faget.
- For å synleggjere læringsutbyttet av FoU-prosjektet, der eit av måla er å heve språkkompetansen i norskfaget (jf.kompetansemål), er det ønskjeleg med samarbeid mellom desse faga.

### **Forventningar til FoU-skulen**

- Det er viktig at FoU-prosjektet blir ein del av dei lokale læreplanane ved skulen. Nynorsksenteret bed om at prosjektleiar saman med rektor sender oss utkast til ein årsplan for arbeidet med FoU-prosjektet ved skulen.
- FoU-prosjektet skal gi oss erfaringar og nye kunnskapar om nynorskopplæring og må derfor dokumenterast og vurderast. Utviklingsarbeid er avhengig av kontinuerleg refleksjon og vurdering. Det er derfor avgjerande at lærarane som har ansvar for FoU-prosjektet, skriv logg undervegs der dei kjem med vurdering av arbeidet og grunnngjeving av vala dei til ei kvar tid gjer. Denne skriftlege dokumentasjonen blir utgangspunkt for utviklingssamtalar på webmøte og samlingar som Nynorsksenteret har ansvar for. I tillegg skriv prosjektleiaren ein årleg rapport som skal leverast Nynorsksenteret i slutten av kvart vårsemester og ein sluttrapport md rekneskap, der Fou-prosjektet blir evaluert. Rapport skjema vil vere tilgjengeleg på nettsida vår. Rapporten og rekneskapen skal skrivast under av rektor og fagansvarleg.
- FoU-arbeidet er avhengig av at skulen legg til rette for at prosjektleiaren får tid til å organisere og drive prosjektet.

### **Ressursar frå Nynorsksenteret**

- Nynorsksenteret dekkjer utgifter til innkjøp av lærebøker som er relevante for FoU-prosjektet.
- Prosjektleiar får tilskot til frikjøp av tid til leiing.
- Prosjektleiar og lærarar som er med på FoU-prosjektet, får i prosjektperioden i tillegg tilbod om dekte utgifter til oppstartseminar i september 2010, og andre aktuelle samlingar i regi av Nynorsksenteret.

## II

### Utlysingstekst

*FoU-prosjekt med bruk av lærebøker og læringsressursar på nynorsk i andre fag enn norsk*  
*Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa skal setje i gang prosjekt med nynorske*  
*lærebøker og læringsressursar i andre fag enn norsk. Skular med elevar på ungdomstrinnet*  
*eller vidaregåande trinn og med bokmål som opplæringsmål kan søkje om å vere med på*  
*prosjekta. Prosjektskulane får ressursar til innkjøp av bøker/læremiddel på nynorsk, høve*  
*til å vere med på seminar og kurs i regi av Nynorsksenteret.*

I oppdragbrevet for Nynorsksenteret 2010-2011 står det mellom anna at skulane som blir med på prosjektet skal ta i bruk:

*«(...) lærebøker og læringsressursar på nynorsk i eit anna fag enn norsk for elevar med bokmål som hovudmål på ungdomssteget og i vidaregåande skole»*

Oppstart av prosjektet er hausten 2010.

**Bakgrunn:** I følgje rapporten *Kunnskapsløftet –tung bør å bære*<sup>16</sup> er det behov for samarbeid på tvers av fag for å kunne lykkast i å utvikle dei grunnleggjande ferdigheitene. Dei nasjonale prøvene i lesing og skriving skal dokumentere ferdigheiter på tvers av fag. I dag inneheld alle dei nasjonale leseprøvene på åttande årstrinn tekstar på både bokmål og nynorsk.

**Mål med prosjektet:** Nynorsksenteret ønskjer å undersøkje korleis arbeid med nynorske tekstar i andre fag enn norsk kan vere med på å styrkje dei grunnleggjande ferdigheiter i lesing og skriving. Vi ønskjer òg å undersøkje om arbeid med nynorsktekstar i andre fag enn norsk kan vere med å påverke språkkompetansen i norskfaget, jamfør kompetansemåla i norsk, der bokmål og nynorsk er likestilte.

*«(...) lese og skrive tekster i ulike sjangere, både skjønnlitterære og sakspregede på bokmål og nynorsk: artikkel, diskusjonsinnlegg, formelt brev, novelle, fortelling, dikt, dramatekst og kåseri»*

Kompetansemål i skriftlege tekstar etter 10. årstrinn

---

<sup>16</sup> Rapport 42/209 frå NIFU STEP, Frøydis Hertzberg

# Litteratur – samla for del I, II og III

- Aasen, Petter, Jorunn Møller, og Tine S. Prøitz. *Rapport 42/2009 Kunnskapsløftet - tung bør å bære?* ILS, Universitetet i Oslo, NIFU STEP, 2009.
- Hertzberg, Frøydis. «Skriving i fagene - viktig, riktig og nødvendig.» I *Skriv i alle fag - Argumentasjon og kildebruk i videregående skole*, av K. H. Flyum og F. (red) Hertzberg, 9-20. Oslo: Universitetsforlaget, 2011.
- Jansson, Bente Kolberg, og Hilde Traavik. «Tidleg start med nynorsk.» *Nynorskopplæring nr. 14*, 2012.
- Jansson, Bente Kolberg. «Tidlig start med skriving på begge målformer.» I *Skriv! Les! 1 : Artikler fra den første nordiske konferansen om skriving, lesing og literacy*, redigert av Synnøve Matre og Atle Skaftun, 101-124. Trondheim: Akademia forlag, 2012.
- Kulturdepartementet. «Mål og mening - Stortingsmelding nr. 35.» 2007-2008.
- Kunnskapsdepartementet. «Språk bygger broer - Stortingsmelding nr. 23.» 2007-2008.
- Kunnskapsdepartementet. *Kunnskapsløftet*. 2006.  
<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/tema/grunnopplaring/kunnskapsloeftet.html>.
- Kunnskapsdepartementet. *Rammeverk for grunnleggende ferdigheter*. Styringsdokument, Oslo: Kunnskapsdepartementet, 2012.
- Nilsen, Lise Lunde. «Haugtussa som barnelitteratur.» *Norsklæraren nr. 3*, 2008.
- OECD. *Language Education Policy Profile*. Strasbourg: Language Policy Division, 2002-2004.
- Postholm, May Britt, og Tove Steen-Olsen. *Å utvikle en lærende skole : aksjonsforskning og aksjonslæring i praksis*. Trondheim: Høyskoleforlaget, 2009.
- Smidt, J., og P. Overrein. «Begrep og makt - begrepslæring og samfunnsbilder i skriving i samfunnsfag.» I *Skriving i alle fag : innsyn og utspill*, av J. (red) Smidt, 231-254. Trondheim: Tapir akademisk forlag, 2010.
- Smidt, J., og P. Overrein. «Skriving i samfunnsfag i videregående skole - på vei mot samfunnsfaglige fagtekster?» I *Skriving i kunnskapssamfunnet*, av J. Smidt, G. A. Vatn og I. (red) Folkvord, 95-126. Trondheim: Tapir akademisk forlag, 2009.
- Språkrådet / Synovate. «Norsklærerers holdning til eget fag.» 2011.  
<http://www.sprakrad.no/upload/Norskl%c3%a6rerers%20holdninger%20til%20eget%20fag.pdf>.
- Traavik, H., og V. Alver. *Skrive- og lesestart. Skriftspråkutvikling i småskolealderen*. Bergen: Fagbokforlaget, 2008.
- Traavik, Hilde. «Då eg lerte å lesa va det akurat som vera blei snud opp ned.» 2011.  
[http://www.nynorsksenteret.no/neted/front/img/FoU\\_rapport/HildeTraavik\\_VerdaSnudd.pdf](http://www.nynorsksenteret.no/neted/front/img/FoU_rapport/HildeTraavik_VerdaSnudd.pdf).

- . «Skriving og lesing hand i hand. Revisjon av fagplanen i norsk. Eit godt høve til å gi elevar ein tidleg start med "det andre skriftspråket".» *Utdanning nr. 12/2012*, 2012.
- Traavik, Hilde, og Benthe Kolberg Jansson. *Norsk for grunnskolelærerutdanning 1-7*. Oslo: Universitetsforlaget (u.u.), 2013.
- . *Norsk boka, bind 1 og 2*. Oslo: Universitetsforlaget (u.u.), 2013.
- Utdanningsdirektoratet / TNS Gallup. «Kartlegging av sidemålsundervisningen på 10. trinn og VK1, allmennfaglig studieretning.» 2006.  
<http://www.utdanningsdirektoratet.no/upload/Rapporter/Sidemalsrapport.pdf>.
- Utdanningsdirektoratet. «Oppdragsbrev for de nasjonale sentrene for 2012 og 2013.» *Nynorsksenteret*. 2013.  
[http://www.nynorsksenteret.no/img/nsfno/Oppdragsbrev\\_2013.pdf](http://www.nynorsksenteret.no/img/nsfno/Oppdragsbrev_2013.pdf).
- . *Tiltaksplan for Nynorsksenteret 2009-2012*. 2011.  
<http://www.nynorsksenteret.no/img/nsfno/Tiltaksplan2011.pdf>.
- Vulchanova, Mila, Maria F. Asbjørnsen, Tor A. Åfarli, Brita Ramsevik Riksheim, Juhani Järvikivi, og Valentin Vulchanova. *Flerspråkighet i Norge*. Trondheim: NTNU/Språkrådet, 2013.